



Rett til skadebot for etterlatne og pårørande etter valdsofferskadebotlova § 1.

Av Liv Øvstedal Mykkeltveit

Jur-3902
Liten masteroppgåve i rettsvitenskap
Ved Universitetet i Tromsø
Det juridiske fakultet
Vår 2013

<u>Kapittel 1. Innleiing.....</u>	4
<u>1.1 Tema for avhandlinga.....</u>	4
<u>1.2 Problemstilling.....</u>	5
<u>1.3 Avgrensingar.....</u>	5
<u>1.4 Rettjkjelder.....</u>	6
<u>1.4.1 Lovførrearbeid, føremål og lovtekst.....</u>	6
<u>1.4.2 Rettspaksis.....</u>	8
<u>1.4.3. Praksis frå Erstatningsnemnda for valdsofre.....</u>	9
<u>1.4.4. Praksis frå Kontoret for valdsoffererstatning.....</u>	9
<u>1.5. Vidare framstilling.....</u>	10
<u>Kapittel 2. Historisk oversikt.....</u>	11
<u>2.1. Frå rettferdsvederlag til rettsordning.....</u>	11
<u>2.2. Konvensjonen for valdsofre.....</u>	13
<u>2.3. De lege lata.....</u>	14
<u>Kapittel 3. Etablering av ansvar.....</u>	15
<u>3.1. Årsakskravet i valdsofferskadebotretten.....</u>	15
<u>3.1.1. Innleiing.....</u>	15
<u>3.2. Utgangspunkta for årsaksvurderinga.....</u>	18
<u>3.2.1. Betingelseslæra (differanselæra).....</u>	18
<u>3.2.1.1. Ekvivalensteorien.....</u>	20
<u>3.2.1.2. Samverkande årsaker.....</u>	21
<u>3.3. Veikskapsprinsippet som eit naudsynt vilkår.....</u>	22
<u>3.4. Unntaket - dei skjønnsmessige avgrensingane av skadebotvernet.....</u>	24
<u>3.4.1. Uvesentlegeskapslæra.....</u>	24
<u>3.5. Rettsleg avgrensing i årsakskravet – adekvanslæra.....</u>	27
<u>3.5.1. Generelt om adekvans.....</u>	28
<u>3.5.2. Påreknelegeskapskriteriet.....</u>	29
<u>3.5.3. Nærleikskriteriet.....</u>	32

<u>Kapittel 4. Retten til valdsofferskadebot.....</u>	36
<u>4.1. Utgangspunkt.....</u>	36
<u>4.1.1. Straffbar handling.....</u>	36
<u>4.1.2. Personskade.....</u>	38
<u>4.2. Personkrins</u>	39
<u>4.2.1. Direkte skadelidt.....</u>	39
<u>4.2.2. Etterlatne.....</u>	41
<u>4.2.3. Pårørende.....</u>	45
<u>4.3. Endring av praksis frå nemnda.....</u>	48
<u>Kapittel 5. Utmåling av skadebot.....</u>	49
<u>5.1. Innleiing.....</u>	49
<u>5.2. Økonomisk tap.....</u>	50
<u>5.2.1. Tapet er naudsynt og rimeleg.....</u>	51
<u>5.2.2. Tap av forsytar.....</u>	51
<u>5.2.3. Utgifter til dødsfallet.....</u>	54
<u>5.3. Ikkje-økonomisk tap.....</u>	54
<u>5.3.1. Innleiing.....</u>	54
<u>5.3.2. Vilkåra for oppreisning.....</u>	54
<u>5.4. Valdsofferskadebota sine øvste grenser.....</u>	56
<u>Kapittel 6. Rettspolitisk vurdering.....</u>	58
<u>6.1. Er etterlatne og pårørende sitt vern vorte betra?.....</u>	58
<u>6.2. Bør pårørende sin rett til skadebot heimlast i lov?.....</u>	60
<u>6.3. Økonomisk betydning for stadig utviding av voerstl § 1.....</u>	61
<u>Kapittel 7. Konklusjon.....</u>	62
<u>Kjeldeliste.....</u>	63

Kapittel 1. Innleiing.

1.1 Tema for avhandlinga.

Tema for avhandlinga er å kartleggje etterlatne¹ og pårørande² sine rettar til skadebot etter valdsofferskadebotlova.³ Då valdsofferskadebotlova byggjer på allminneleg skadebotrett⁴, vil ein sjå på tilsvarande reglar etter lov om skadebot for å kaste ljos over om det føreligg skilnadar i retten til skadebot mellom dei to regelsetta.

Når valdsofferskadebotlova vart endra i 2008⁵ var det eit klårt uttrykt formål i forarbeida til *endringslova*⁶ at etterlatne skulle få ei styrka stilling.⁷ Ved å setje etterlatne si stilling i sentrum, og deira sitt skadebotrettslege vern, gjer lovgjevar uttrykk for at det er eit særleg aktuelt tema. I tillegg vart det opna for at pårørande unntaksvis kunne tilkjennast skadebot i same utstrekning som den gjer etter alminneleg skadebotrett.⁸

Det er ikkje tidlegare vorte føretatt ei samanlikning mellom skadebotlova og valdsofferskadebotlova om etterlatne sin rett til skadebot som avhandlinga tek sikte på. Grunnlaget for at ein vil gjera ei slik samanlikning er at området er lite behandla i juridisk teori og at det er uklart i praksis, då det kun vert føretatt ei konkret vurdering i kvart tilfelle når den konkrete problemstillinga reiser seg.

Kartlegginga vil kaste ljos over etterlatne og pårørande sitt vern slik det er etter at lovendringa tredde i kraft.

Dei prosessuelle vilkåra vert ikkje behandla, då det ikkje er naudsynt å sjå om vilkåra er stetta på grunnlag av avhandlinga sin ordlyd.

¹ Med ”etterlatt” meiner ein den nærmaste personkrinsen rundt den personen som er død på grunnlag av ei straffbar handling som omfattast av valdsofferskadebotlova.

² Med ”pårørande” meiner ein den nærmaste personkrinsen rundt den person som har overlevd ei straffbar handling som omfattast av valdsofferskadebotlova.

³ Lov av 20. april 2001 nr. 13 (heretter voerstl).

⁴ Lov om skaderestatning av 13. juni 1969 nr. 26 (heretter skl).

⁵ Lov av 21. desember 2007 nr. 125, tredje endringslov.

⁶ Kursivering i oppgåva er mine eigne, så langt noko annar ikkje går fram.

⁷ Ot.prp nr.10 (2007-2008) Om lov om endringar i lov om erstatning fra staten for personskode voldt ved straffbar handling m.m. (voldsoffererstatningsloven) s. 18.

⁸ *Ibid* s. 18.

1.2 Problemstilling.

Ein vil foreta ein analyse for rett til skadebot for etterlatne og pårørande etter valdsofferskadebotlova § 1, jf alminneleg skadebotrett. I hovudsak vil avhandlinga konsentrera seg om reglane som avvik frå den alminnelege skadebotretten, og korleis valdsofferskadebotlova utvidar og avgrensar den alminnelege skadebotretten.

Kartlegging av etterlatne sitt skadebotretslege vern, gjer det naudsynt å undersøke kva reglar som gjev etterlatne rett til valdsofferskadebot, samt korleis reglane skal tolkast og nyttast.

1.3 Avgrensingar.

I avhandlinga behandlar ein reglane for etterlatne sin rett til skadebot som avvik frå alminneleg skadebotrett, dermed avgrensar ein mot ei alminneleg behandling av dei alminnelege reglane i skadebotlova.

Avhandlinga avgrensar vidare mot born som har opplevd vald eller trugslar mot ein nærmiljøperson, men som sjølv ikkje har vore utsett for vald. Etter valdsofferskadebotlova § 1 første stykke andre punktum er det ikkje eit krav om at borna er påført ein personskade, kun at hendinga har vore *eigna* til å skade borna sin tryggleik og tillit. Borna er dermed gjeve eit særskild skadebotretsleg vern utan å vera direkte skadelidt. Dette temaet vil ikkje verte behandla vidare i avhandlinga.

Etter alminnelege skadebotretslege prinsipp skal det kun ytast skadebot ein gong.

Valdsofferskadebotordninga er subsidiær, der forsikringsytingar og trygdeytingar skal koma til fråtrekk i dei tilfella kor skadelidne er rettkomen til det, jf voerstl § 9. Voerstl § 9 avvik noko frå fråviksregelen i skadebotlova § 3-1 tredje stykke, som regulerar kva ytingar som skal kome til frådrag ved utmåling av skadebot.⁹ Regelen i voerstl § 9 regulerar forholdet mellom staten og skadelidne. Då staten ikkje er skadevaldar etter skl § 3-1 tredje stykke opnar regelen

⁹ Ot.prp.nr.4. (2000-2001) Erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m (voldsoffererstatningsloven) s. 45.

opp for einskilde skjønnsmessige vurderingar, i motsetning til voerstl § 9 som er absolutt. Avgrensar vidare mot behandling av fråsegsreglane.¹⁰

Avhandlinga dreiar seg om norsk rett, men ein vil gje ein kort oversikt over konvensjonen for valdsofre.¹¹ Etter konvensjonsrettslege reglar, nemnar ein at skadebotmyndigheita kan tilkjenne skadebotansvar til tross for at ein er frifunnen i straffesaka. Dette har ei side mot Noreg sine konvensjonsforpliktingar. Etter uskyldspresumsjonen i EMK artikkel 6 (2) og FN sin konvensjon om sivile og politiske rettigheitar (SP) artikkel 14 (2), er ein uskyldig til det motsette er prova.¹² I dette ligg at einkvar rimeleg tvil skal kome tiltalte til gode.¹³ Etter praksis er det ikkje krenking av uskyldspresumsjonen om frifinninga medførar eit skadebotansvar.¹⁴ Grunngjevinga for skadebota må ikkje reise tvil om frifinninga var riktig og det må ikkje føretakast ein konstatering av skyld.¹⁵ Etter forarbeida føretek ikkje Kontoret for valdsoffererstatning nokon vurdering om konstatering av skyld.¹⁶ Avhandlinga behandlar ikkje nærmare forholdet mellom frifinning og skadebot.

1.4 Rettskjelder.

1.4.1 Lovførrearbeid, føremål og lovtekst.

Skadebot frå staten er heimla i valdsofferskadebotlova og valdsofferskadebotforskrifta.¹⁷ Dersom rettsreglane gjer gjeldande ulike resultat på eit rettsspørsmål, skal lov som hovudregel gå føre forskrifta, jf reglane om rang mellom rettskjelder.¹⁸ Rettsreglane mellom valdsofferskadebotlova og valdsofferskadebotforskrifta er likestilte, men reglane etter valdsofferskadebotforskrifta kjem kun til bruk på straffbare forhold som har skjedd før

¹⁰ Henning Brath, Voldsoffererstatningsloven med kommentarer. 1. utgåve, Oslo 2011, s. 142

¹¹ Den europeiske konvensjon 24. november 1986 om erstatning til voldsofre.

¹² Brath s. 37.

¹³ Asbjørn Strandbakken, Uskyldspresumsjonen ”in dubio pro reo”. Bergen 2003, s. 27.

¹⁴ Jf. blant anna Rt. 1999 s. 1363 på s. 1378.

¹⁵ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) kapittel 5.3 s. 19-20.

¹⁶ *Ibid* s. 22.

¹⁷ Kongelige resolusjonar (heretter Kgl. res) 23. januar 1987 nr. 8983.

¹⁸ Nils Nygaard, Rettsgrunnlag og standpunkt, 2. utgåve, Bergen 2004, s. 195.

2001.¹⁹ Etter lova sine materielle reglar er skjeringspunktet tidspunktet for når den straffbare handlinga fant stad som dannar grunnlag for kva regelsett som kjem til bruk.

For å greie ut om reglane som gjev etterlatne og pårørande rett til valdsofferskadebot skal forståast og tolkast, må reglane sitt innhald verta fastlagt etter alminneleg juridisk metode. Ved tolkinga tek ein utgangspunkt i ei naturleg forståing av ordlyden av regelen. Tolkinga kan verta supplert med dei andre rettskjeldefaktorar.

Reglane om utmåling av skadebot etter valdsofferskadebotlova byggjer på dei alminnelege skadebotrettslege prinsipp. Dersom valdsofferskadebotordninga ikkje oppstiller særreglar, skal reglane tolkast i harmoni med dei alminnelege skadebotreglar.²⁰

Ved tolking av ein lovregel gjev førearbeida viktige tilskot til å forklara regelen sitt innhald. Etterlatne og pårørande si rettsstilling har vorte behandla i fyljande førearbeid og er dermed relevante som rettskjelder; førearbeida til forskrifta, St.prp.nr 39 (1975-76) *Om bevilgning under kapittel 424 i samband med innføring av en ordning fra staten til ofre for straffbare handlingar*, førearbeida til lova, Ot.prp.nr.4 (2000-2001) *Erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m.* (voldsoffererstatningsloven), og forarbeida til tredje endringslov 2008 Ot.prp.nr.10 (2007-2008) *Om lov om endringar i lov om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m.*²¹ (voldsoffererstatningsloven).

Føremålet er ein viktig tolkingsfaktor for å forstå innhaldet med regelen.²²

Føremålvurderingane omfattar omsynet bak valdsofferskadebotordninga og dei alminnelege skadebotrettslege prinsipp.²³

¹⁹ Brath s. 30.

²⁰ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 28.

²¹ Mi kursivering.

²² Nygaard, Rettsgrunnlag og standpunkt (2004) s.199.

²³ Omsynet til valdsoffererstatningsordninga vert omtala i kapittel 2.

1.4.2 Rettspraksis.

Fleire avgjerdar frå valdsofferskadebotordninga har vorte behandla i det norske rettssystem.

I Rt. 2010 s. 1203 behandla Högsterett utmåling av oppreisningsskadebot til avdøde sin ektefelle og fire mindreårige barn etter eit drap, om forholdet til G-tidspunktet.

I dommen frå Gulathing lagmannsrett dagsett 21. oktober 2013 vart spørsmålet om direkte skadelidt behandla.

Vert det avsagt dom om eit konkret tolkingsspørsmål, vert avgjerala rettskjeldefaktoren med størst vekt.²⁴ Valdsofferskadebotordninga sine reglar byggjer på dei alminnelege skadebotretslege prinsipp, kor avgjersler gjeldande skadebot kan gjera seg gjeldande som rettekjeldefaktorar. Hovudsakeleg vil dette gjera seg gjeldande ved fastsetjinga av oppreisningsnivået, kor Högsterett har oppstilt rettleiande normer.²⁵ Kontoret for valdsoffererstatning²⁶ vektlegg som oftast avgjerdene frå domstolane. Men Kontoret er ikkje bunden av avgjerdene frå domstolane²⁷, då valdsofferskadebotmyndigheita vil foreta ei sjølvstendig provvurdering under provkravet om klår sannsyn for å fastslå om eit straffbart forhold etter voerstl § 1 har funne stad. Dette har bakgrunn i at lova sine provkrav er strengare enn alminneleg skadebotrett, men ikkje like strengt som for ei strafferettsleg domfelling.²⁸ Då valdsofferskadebotordninga skal vera i samsvar med alminneleg skadebotrett, vert nemnda sine vedtak påverka av rettspraksis frå skadebotretten.

²⁴ Erik Boe, Innføring i juss, juridisk tenking og rettskildelære, 1. utgåve, Oslo 1996, s. 253, jf s. 259.

²⁵ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 29.

²⁶ Heretter Kontoret.

²⁷ Brath s. 37.

²⁸ *Ibid* s. 37.

1.4.3. Praksis frå Erstatningsnemnda for valdsofre.

Erstatningsnemnda for valdsofre²⁹ er klageorganet for alle vedtak fatta ved Kontoret. Korleis nemnda tolkar rettsreglane vil vera retningsgjevande for Kontoret, så lenge praksisen ikkje er underkjent av domstolane.³⁰ At forvaltninga fyljer sin eigen praksis er eit utslag av prinsippet om at like tilfeller skal tolkast likt.³¹

Etter 22. juli 2011 fekk Statens sivilrettsforvaltning³² ved vedtak frå nemnda ein delegert vedtaksmyndighet, jf voerstl § 13 tredje stykke. SRF kan avgjera vedtak i saker som ikkje krev medisinsk sakkunnskap eller byr på vesentlege tolkingstvil. Omsynet med delegasjonsåtgangen er å effektivisera saksbehandlinga, slik at ein får kortare saksbehandlingstid.³³

Kan forvaltningspraksis tilleggast vekt i forhold til andre rettskjeldefaktorar?

I *Skyggekjennelsen* (Rt. 2005 s. 1757 avsnitt 45) la Høgsterett til grunn at avgjerdar frå Trygderetten kan nyttast som eit bidrag til tolkinga ”i den utstrekning de kan tas som uttrykk for eller har gitt seg utslag i fast og konsistent praksis”, jf Rt. 2006 s. 1217 avsnitt 38, som gjaldt praksis frå Pasientskadenemnda. Eg konkluderar med at resonnementet kjem til bruk på praksis frå Nemnda, ved å klargjera regelen sitt innhald. Dess meir konstant og fast praksisen er, jo meir vekt kan den tilleggast.³⁴

1.4.4. Praksis frå Kontoret for valdsoffererstatning.

Praksis frå Kontoret er tillagt mindre vekt som rettskjelde, på grunnlag av at vedtaka ikkje vert publisert og av den grunn ikkje offentlege. Alle vedtaka som vert fatta ved Kontoret er einkeltvedtak, jf lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 (fvL) § 2 litra b. Vedtaket har kun den vekta som ligg i argumentasjonsverdien i grunngjevinga.³⁵

²⁹ Heretter Nemnda.

³⁰ Torstein Eckhoff og Jan Helgesen, Rettskildelære, 5. utgåve, Oslo 2001 s. 233.

³¹ Nygaard, Rettsgrunnlag og standpunkt (2004) s. 162.

³² Heretter SRF.

³³ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 33.

³⁴ Nygaard, Rettsgrunnlag og standpunkt (2004) s. 213-215.

³⁵ *Ibid* s. 212.

1.5. Vidare framstilling.

Avhandlinga vert delt inn i to hovuddelar. I den fyrste delen er det ein gjennomgang av valdsofferskadebotordninga si historiske utvikling og kva alminnelege skadebotrettslege prinsipp som etablerar ansvar. Målsetjinga er å klårlegge gjeldande rett som er grunnlaget for å verta tilkjent valdsofferskadebot.

I avhandlinga si del to vil ein foreta ein analyse av kva personar som har rett til skadebot etter valdsofferskadebotlova og lov om skadebot. Ein vil særskild undersøke den utvida retten til skadebot for etterlatne og pårørande etter valdsofferskadebotlova. Vidare vil ein gjera reie for utmålingsreglane, og til slutt foreta ei rettspolitisk vurdering.

Kapittel 2. Historisk oversikt.

2.1. Frå rettferdsvederlag til rettsordning.

Valdshandlingar er eit stadig aukande problem i samfunnet. Det er eit samfunnsansvar å sikre individ mot valdsangrep, samt å reparera skadane i dei tilfella kor ei straffbar handling har funne stad. Det er eit samfunnsansvar å hjelpe den som har vore utsett for ei straffbar handling, i tillegg til at skadevaldaren er ansvarleg for sine handlingar.³⁶ Eit skadebotkrav mot skadevaldaren kan vera verdilaust, då ein kan ha dårlig betalingsevne eller at gjerningspersonen blir verande ukjent.³⁷

Gjennom sosiale trygde- og støtteordningar og forsikringar vert valdsofra hjelpt eit stykke på veg, men ofte vil det gjenstå eit udekkja økonomisk tap.³⁸ Valdsofferskadebotordninga bryt med dette utgangspunktet, ved at ein gjennom ordninga gjeve ei gruppe skadelidne eit særskild skadebotvern, under føresetnaden at den skadevaldande handling har skjedd på ein bestemt måte.³⁹

Valdsofferskadebotordninga har sitt utgangspunkt i eit løvvingsvedtak fatta i Stortinget 5. mars 1976, kor forskrifa om valdsofferskadebotordninga vart fastsett ved kgl. res. 11. mars 1976.⁴⁰ Forskrifta vart seinare avløyst med ny forskrift gjeve ved kgl. res 23. januar 1981.⁴¹ Sistnemte forskrift utgjer eit av regelsetta for å tilkjenne valdsofferskadebot, men kjem kun til nytte på straffbare forhold som har skjedd etter den 1. januar 1975.⁴²

Det var Den Norske Advokatforeining som tok initiativet for å etablera ei skadebotordning for valdsoffer i Noreg. Det vart nedsett eit utval som skulle levere si innstilling den 8. desember 1970. Innstillinga vert tatt inn som vedlegg nr. 3 til St.prp. nr. 39 (1975-1976).⁴³

³⁶ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 5.

³⁷ Momentet er og vektlagt i forarbeida, jf Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 5.

³⁸ *Ibid* s. 5.

³⁹ Brath s. 17.

⁴⁰ At staten har myndighet til å utbetale skadebot til dei som er kome uheldig ut, har røter langt attende i tida, jf Ane Sofie Tømmerås, Billighetsstatning – og andre offentlige erstatningsordninger, Skjeberg 2002, s. 68.

⁴¹ Seinare endra ved kgl. res. 6 desember 1985 og kgl. res 26. november 1993, jf Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 7.

⁴² Brath s. 29.

⁴³ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 16, jf Tømmerås s. 28.

Valdsofferskadebotordninga vart i fyrste omgang innført som ei rettsvederlagsordning, kor skadebota vart ytt ut frå eit rimelegheitsomsyn utan at det føreligg nokon rettsplikt til å betale skadebot.⁴⁴

Valdsofferskadebotordninga vart lovfesta i 2001. Lova kjem til bruk på straffbare forhold som er gjort etter den 1. juli 2001, og er i all hovudsak ei vidareføring av forskrifa fra 1981.

Valdsofferskadebotordninga vart omgjort til ei rettsordning⁴⁵ der utmålingsreglane vart knytt nærmare opp til dei alminnelege skadebotprinsippa, og den øvrige sumgrensa er vorte auka frå kr 200 000 til 60G.⁴⁶

Grunngjevinga for valdsofferskadebot er at skadevaldarane regelmessig har svært litra betalingsevne.⁴⁷ Den skadelidne står derfor skadebotrettsleg i ei særleg ugunstig stilling⁴⁸, og ordninga skal fungere som eit sikkeringsnett. I forarbeida til valdsofferskadebotlova vert det understreka at det er staten sitt ansvar å forhindra at det skjer valdsbrotsverk. Desse brotsverka representerar ein direkte trugsel mot folk sitt liv og helse, og krenkjar dermed dei mest fundamentale rettsgodane i det norske samfunn.⁴⁹

”Der samfunnet i det enkelte tilfelle ikke lykkes i å forhindre slike handlinger, bør fellesskapet dekke det tap som personskaden fører med seg der dekning for tapet ikke kan oppnås på annen måte”.⁵⁰

Hovudregelen er at det kun vert ytt valdsofferskadebot når den skadevaldande handling har skjedd i Noreg. Voerstl § 2 andre stykke opnar for at det kan tilkjennast skadebot dersom den skadevaldande handling har skjedd i utlandet. Det må føreligge to grunnvilkår for at unntaket skal verta nytta. For det første må den skadelidne eller den sine etterlatne ha bupel i Noreg på skadetidspunktet, og for det andre må det ligga føre særlege grunnar til at unntaksbestemminga skal koma til bruk.

⁴⁴ Reglane vart gjeve ved forskrift, slik at det er einkelt å endre på dei. Då det er einklare å endre forskrift enn lov, jf St.prp.nr.39 (1975-1976) s. 14.

⁴⁵ Brath s. 56.

⁴⁶ Voerstl § 11 fyrste punktum. 60G utgjer per 1. mai 2014 kroner 5 302 200.

⁴⁷ St.prp.nr.39 (1975-1976) s. 11.

⁴⁸ *Ibid* s. 11.

⁴⁹ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 17.

⁵⁰ *Ibid* s. 17

I vurderinga av særlege grunnar har ein lagt vekt på kva land den skadevaldande handling har skjedd, og om det eksisterar ei liknande ordning som i Noreg. I tillegg vert det lagt vekt på grad av alvor, sokjar si tilknyting til det norske miljø og lengda av utanlandsopphaldet. Har den skadevaldande handlinga skjedd i eit land som har ratifisert den europeiske konvensjonen om skadebot til valdsofre, har nemnda i praksis lagt til grunn at skadebot skal sokjast i det landet der den skadevaldande handlinga skjedde. Det same gjeld for land som har skadebotordning, sjølv om den aktuelle stat ikkje er tilknytt konvensjonen.⁵¹

Dette er bakgrunnen for at skadebota skal vera eit rettskrav. Det inneber mellom anna at skadelidne kan reise soksmål for domstolane, med påstand om at vedtaket er ugyldig i samsvar med dei alminnelege reglane om domstolen sin provingsrett av forvaltningsvedtak. Lovgjevar uttrykkjer viktigheita ved at den skadelidne kjem økonomisk skadeslaus frå den skadevaldande handling som er voldt⁵². Lovfestinga vart grunna med at den norske retten ville koma i samsvar med internasjonale forpliktingar, her under ved at Noreg hadde ratifisert Den europeiske konvensjon av 24. november 1983 om skadebot for valdsofre⁵³.

2.2. Konvensjonen for valdsofre.

Gjennom ein ratifikasjon av den Europeiske konvensjonen om erstatning til valdsofre, forplikta Noreg seg til å ha ei statleg valdsofferskadebotordning.⁵⁴ Konvensjonsreglane er hovudsakeleg lik dei norske reglane. Føresetnadane til valdsofferskadebotlova var at dei norske reglane skulle oppfylle krava som vart stilt i konvensjonen.⁵⁵

Den nasjonale retten sine reglar går lenger enn reglane i konvensjonen som kun set opp minimumsreglar. Konvensjonen sin artikkel 1 set kun opp krav om at den skadevaldande si handling har skjedd forsettleg, medan voerstl § 1 omfattar aktlause handlingar.⁵⁶

⁵¹ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 27. Ein går ikkje inn på ei vidare drøfting då det er utanfor avhandlinga sitt område.

⁵² Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 17.

⁵³ Innst.O.nr.46 (2000-2001) Innstilling fra justiskomiteen om lov om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m. (voldsoffererstatningsloven) pkt. 3.2.

⁵⁴ *Ibid* pkt 3.1.1.

⁵⁵ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 18, visar til St.prp.nr.44 (1991-1992) s. 2, kor handheving av forskriftene vart sett som regelbundne.

⁵⁶ Voerstl. § 1 fyrste stykke, jf forskrifta § 1 fyrste stykke og konvensjonen artikkel 2, jf Innst.O.nr.46 (2000-2001) pkt. 3.1.3.

Staten forpliktar seg til å betale skadebot til valdsofre så lenge ein ikkje får skadebot frå andre kjelder. På den bakgrunn er både den nasjonale retten og konvensjonen subsidiær. Kva personkrets som er rettkomen til skadebot, er opp til det einskilde landet å avgjera. Etter artikkel 5 kan det settast ei øvre grensa for utbetaling av skadebot, slik Noreg har gjort.⁵⁷

2.3. De lege lata.

Lova av 20. februar 2001 nr. 13 om skadebot frå staten for personskode voldt ved straffbar handling, tredde i kraft 1. juli 2001 ved kgl.res. 20. april 2001. Overgangsreglane i valdsofferskadebotlova av 2001 knyt skjeringstidspunktet for når den straffbare handlinga som dannar grunnlag for søknaden fant stad, og tidspunktet for når søknaden vart sett fram for Kontoret. Reglane i voerstl §§ 1, 2, 3 andre stykke og kapittel to (lova sine materielle reglar) kjem ikkje til bruk på straffbare forhold som har skjedd før lova tredde i kraft, jf voerstl § 19.⁵⁸

Valdsofferskadebotlova vart endra ved lov 19. desember 2008 nr. 15, og endringane tredde i kraft 1. januar 2008. Endringane bestod av å styrke etterlatne si stilling ytterlegare ved å utvida deira rettigheitar. Gruppa av etterlatne vart utvida, og kva postar det kunne tilkjennast skadebot for vart knytt nærmare opp til reglane i skadebotlova.⁵⁹ Handlingar etter dette tidspunktet vart regulert av bestemmingane i *endringslova*.

Reglane vert drøfta meir inngåande i avhandlinga si del to, i analysen av om reglane betrar etterlatne og pårørande sitt skadebotrettslege vern.

⁵⁷ Den europeiske konvensjonen for voldsoffer artikkel 2, 3 og 5.

⁵⁸ Brath s. 30.

⁵⁹ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 18.

Kapittel 3. Etablering av ansvar.

3.1. Årsakskravet i valdsofferskadebotretten.

3.1.1. Innleiing.

For at ein skal vera rettkomen til skadebot, er det eit vilkår at det føreligg årsakssamanheng mellom ansvarsgrunnlaget og skaden/tapet. Kravet til årsakssamanheng bind saman dei to andre grunnvilkåra om ansvarsgrunnlag og økonomisk tap.⁶⁰ Utgangspunkt er at skadelidne krav på full skadebot dersom eit skadebotansvar vert etablert. Krav om årsakssamanheng vernar mot å verta pålagt eit ansvar for skade/tap som ikkje har samanheng med påstått skadevaldande forhold. Eit annar resultat ville ha strida mot omsynet om rimelegheit og alminneleg rettskjensle, og kunne soleis ha hatt innverknad på skadebotretten sin legitimitet.

Årsakskravet har samanheng med dei grunnleggande omsyn om prevensjon og reparasjon når dei har vilkåret om årsakssamanheng som føresetnad. Legislativt kan ein grunngi kravet om årsakssamanheng med at folk har behov for tryggleik mot å verta pålagt eit ansvar for skadebot for skade/tap som deira handling eller forhold ikkje er årsak til. Dermed beskyttar ein tilfeldige tredjemenn.⁶¹ I Flymanøverdommen⁶² heiter det at utan ei slik avgrensing ” vil en måtte regne med at erstatningsplikten ofte kan komme til å gi seg urimelige, urettferdige og for den enkelte skadevolder helt ruinerende utslag”.⁶³

Desse legislative krav til omsyn gjeld også årsakskravet i valdsofferskadebotlova, kor staten er ansvarssubjekt. Dette må sjåast i samanheng med at valdsofferskadebotordninga er ei ordning om skadebot, jf voldsofferskadebotlova § 1 fyrste stykke fyrste punktum. Dette skil valdsofferskadebotordninga frå andre statlege kompensasjonsordningar som til dømes folketrygda som kun spør etter søkjær sine behov for ytingar, og ikkje årsaka til behovet.⁶⁴

⁶⁰ Aslak Syse, Morten Kjelland og Rolf Gunnar Jørstad m.fl., Pasientskaderett, Oslo 2011, s. 247.

⁶¹ *Ibid* s. 248.

⁶² Rt. 1973 s. 1268.

⁶³ *Ibid* s. 1272.

⁶⁴ Syse, Kjelland og Jørstad m.fl s. 248.

Heimelen for årsakskravet er i ei rekke tilfelle lovfesta med varierande formuleringar som; ”skyldast”⁶⁵, ”som fylje av”⁶⁶, ”volda”⁶⁷ og ”gjer”.⁶⁸ I desse tilfella oppstiller lovteksten kva form som er kravd for at det skal føreligga årsakssamanheng. Innhaldet i årsakskravet må klårleggast ut frå ei tolking av rettspraksis, avgjerdar frå nemnda og andre kjelder.

Høgsterett har opphavleg utvikla årsaksreglane i samspel med juridisk teori. Årsaksreglane må sjåast i ljos av at skadebotretten er ”det uventedes rettsområde”⁶⁹ der årsaksspørsmålet som oftast vert løyst i den konkrete sak. Resultatet av dette er at domstolane vert meir eigna til å styre rettsutviklinga enn lovgjevar.⁷⁰

I den seinare tid har Høgsterett avsagt ei rekke dommar kor spørsmål om årsak står sentralt. Dommane byggjer på dei same prinsippa, og rettspraksisen framstår då som klårgjerande for dei grunnleggande spørsmål. Det sentrale utsegn om årsakskravet finn ein i Rt. 1992 s. 64 (P-pilledom 2), kor Høgsterett uttalar at ”årsakskravet mellom en handling eller unnlatelse og en skade er vanligvis oppfylt dersom skaden ikke ville ha skjedd om handlingen eller unnlatelsen tenkes borte. Handlingen eller unnlatelsen er da en nødvendig betingelse for at skaden inntrer.”⁷¹

Omgrepa ”faktisk årsakssamanheng” og ”rettsleg årsakssamanheng” har vorte brukt på ulike måtar. Tidlegare vart ”faktisk årsakssamanheng” brukt om provvurderinga, og ”rettsleg årsakssamanheng” om betingelseslæra og den sitt logiske årsakskriterium, sml P-pilledom 2.⁷² I dag nyttar ein faktisk årsakssamanheng om dei materielle reglane som utpeikar den relevante årsaka, til dømes etter betingelseslæra, og rettsleg årsakssamanheng om dei reglane som avgrensar ansvaret.⁷³ Faktisk årsakssamanheng vert nytta i betydinga logisk årsakssamanheng.

⁶⁵ Jf. skl § 2-1 nr.1 andre punktum.

⁶⁶ Jf. voerstl § 1.

⁶⁷ Jf skl §§ 1-1, 1-2, 3-5 fyrste stykke litra a.

⁶⁸ Jf Lov om ansvar for skade som motorvogner gjør (bal) § 1.

⁶⁹ Gudrun Holgersen, Kai Krüger, Kåre Lilleholt og Bjarte Askeland, Prinsipp og pragmatisme i erstatningsretten 1; Nybrott og odling; festskrift til Nils Nygaard på 70-årsdagen 3. april 2002, Bergen 2002, s. 23-34 (på s. 23 f.).

⁷⁰ Syse, Kjelland og Jørstad m.fl., s. 248.

⁷¹ Rt. 1992 s. 64 s. 69.

⁷² *Ibid* s. 69.

⁷³ Til døme adekvanslæra.

I den vidare framstillinga vurderar eg eit vidt årsaksomgrep som omfattar både kravet om faktisk årsakssamanheng og rettsleg årsakssamanheng. Det vide årsaksomgrepet er omtala i nyare avgjerdar frå Høgsterett som Pseudoanfalldommen⁷⁴ og Schizofrenidommen⁷⁵ der ein nyttar utsegna ”adekvat årsakssamanheng”. Denne bruken av omgrep ser ein att i praksis frå nemnda. Eit eksempel ENV-2013-3034 kor nemnda legg til grunn at det ikkje føreligg tilstrekkeleg årsakssamanheng ved at ”søkers skade fremstår som en upåregnelig og fjern følge av den skadevoldende handling”.

I avhandlinga nyttar ein aktivt praksis frå nemnda. Dette er gjort for å gi analysane eit spesifikt valdsofferskadebotperspektiv, og delvis for å rike framstillinga med avgjerder frå praktisk valdsofferskadebotrett.

I den utstrekning nemnda sine avgjerder har gjeve seg utslag i fast og konsistent praksis, er det grunnlag for å gi det verdi som rettskjelde.⁷⁶ I avhandlinga vil ein vise til avgjerder frå Høgsterett som ligg utanfor valdsofferskadebotområdet. Dette på grunnlag av at mykje av årsakslæra er utvikla innanfor andre ansvarsområde, til døme trafikk- og yrkesskadesektoren. Dette må sjåast i samanheng med at årsaksreglane er dei same i valdsofferskadebotretten.

I den vidare framstillinga vil ein fyrst beskriva betingelseslæra og korleis den vert nytta i saker om valdsofferskadebot, punkt 3.2. Den generelle hovudregelen om årsakssamanheng i skadebotretten vert supplert av prinsippet om å ”ta skadelidne som han/ho er” som er ein spesifikk årsaksregel i dei tilfelle kor skadelidne er særleg veik, punkt 3.3. Betingelseslæra og sårbarheitsprinsippet oppstiller to utgangspunkt for vurderinga om årsak.

Tre avgrensingsreglar styrar valdsofferskadebota si rekkjevidde; uvesentlegskapslæra, punkt 3.4, læra om adekvans, punkt 3.5, og prinsippet om tidsavgrensa årsakssamanheng. Tidsavgrensa årsakssamanheng vert ikkje behandla då ein har avgrensa avhandlinga mot det punktet.

⁷⁴ Rt. 2007 s. 158 avsnitt 1. Saksforhaldet vert forklart i seinare punkt.

⁷⁵ Rt. 2007 s. 172 avsnitt 1.

⁷⁶ Sml. presiseringa i Angiografidommen (Rt. 2006 s. 1217 avsnitt 38) og Sarkondommen (Rt. 2008 s. 218 avsnitt 63).

3.2. Utgangspunkta for årsaksvurderinga.

3.2.1. Betingelseslæra (differanselæra).

Hovudregelen for årsakssamanheng er betingelseslæra som vidare dannar utgangspunktet for årsaksvurderinga.⁷⁷ Skal den årsaka som er gjort gjeldande som påstått skadevaldande handling (eller unnlating) reknast som årsak, må den skadevaldande handlinga vera eit naudsynt vilkår for skaden. Det må gjerast ei logisk differansebetrakting, kor det faktiske og hypotetiske hendingslaupet vert samanlikna. Dersom utfallet er at skaden ikkje hadde vorte utløyst utan den skadevaldande handling, føreligg det ein årsak i rettsleg forstand.⁷⁸

P-pilledom 2⁷⁹ er prejudikatet som danna prinsippet om betingelseslæra. Hovudspørsmålet var om produsenten for ei p-pille var ansvarleg for skadelidne sin trombose. Skaden påførte lammingar i armar og bein, samt tapt taleevne. Skadelidne krov skadebot for inntektstap, skadebot for mein og tapt livsutøving. Kravet vart fremma mot Organon AS som marknadsførte p-pilla i Noreg. Årsaksbiletet var samansatt. Den bestod av ei medfødt misdanning, infeksjon før hjerneslaget, røyking og inntak av alkohol, samt eit mogleg nakketraume. Høgsterett kom til at det var årsakssamanheng mellom p-pillebruken og hjernetrombosen. Høgsterett uttalte fyljande; ”Årsakskravet mellom en handling eller unnlatelse og en skade er vanligvis oppfylt dersom skaden ikke ville skjedd om handlingen eller unnlatelsen tenkes borte. Handlingen eller unnlatelsen er da en nødvendig betingelse for at skaden inntrer”.⁸⁰ Sjølv om dommen vart avsagt under dissens, var det einskap i formuleringa av denne generelle årsaksregelen.⁸¹ Betingelseslæra er lagt til grunn i ei rekke vedtak frå nemnda ved å vise til P-pilledom 2, til dømes ENV-2013-2834 og ENV-2013-1347.

⁷⁷ Syse, Kjelland og Jørstad s. 251.

⁷⁸ *Ibid* s. 251.

⁷⁹ Rt. 1992 s. 64.

⁸⁰ *Ibid* s. 69.

⁸¹ *Ibid* s. 83.

Avgjerder frå Högsterett har i seinare tid stadfesta at betingelseslæra er hovudregelen, jf Schizofrenidommen.⁸² Ein elektrikar fall frå ein lift under arbeid med å montera lysarmatur langs ein veg. Han pådrog seg brot i ryggen, handskade og einskilde blautsvevskadar, men fekk inga hjerneristing. To år seinare utvikla han paranoid schizofreni. Spørsmålet var om sinnslidinga var utløyst av fallulykka. Högsterett innleia med ”For at arbeidsulykken skal anses som årsak til As sinnslidelse, må ulykken ha vært en nødvendig betingelse for at A utviklet paranoid schizofreni.”⁸³

I tillegg nemnar ein ei avgjerd frå trafikkskadesektoren; Pseudoanfalldommen.⁸⁴ Skadelidne var utsett for eit trafikkuhell i 1989, og krov skadebot for somatoform liding. Somatoform liding sitt kjenneteikn er at skadelidne hevdar å ha ei somatisk plage til tross for at det er negative funn. Högsterett uttalar at ”det følger av P-pilledom 2, Rt. 1992 s. 64, at bilulykken vil være årsak til skaden dersom man kommer til at skaden ikke ville ha inntrådt dersom bilulykken tenkes borte”.⁸⁵ Högsterett konkluderte med at ansvarshendingane var naudsynte vilkår i begge sakane, men at skadevaldarane vart frikjende då det var manglande adekvans.

At Högsterett positivt har fastslått at betingelseslæra er hovudregelen om årsakssamanheng er det same som at ein har tatt avstand til andre årsakslære.⁸⁶ I Stokkedommen⁸⁷ vart det påpekt at norsk skadebotrett ikkje byggjer på fordelingslæra, og i P-pilledom 2⁸⁸ vart det konstatert at ein heller ikkje byggjer på den tradisjonelle hovudårsakslæra. Frå dette utgangspunktet vert det gjort unntak med uvesentlegskapslæra.

P-pilledom 2⁸⁹ er den fyrste dommen som klargjer regelen om uvesentlegskapslæra. Högsterett uttalar at det kun er aktuelt å pålegge skadebot kor ansvarshendinga ”har vært så vidt vesentlig i årsaksbildet at det er naturlig å knytte ansvar til den”.⁹⁰ Uvesentlegskapslæra stiller eit minstebidrag til ansvarshendinga sitt bidrag til skaden. Er dette årsaksbidraget minimalt, vert ansvarshendinga luka ut som rettsleg irrelevant (sjølv om det er eit logisk

⁸² Rt. 2007 s. 172.

⁸³ *Ibid* avsnitt 69.

⁸⁴ Rt. 2007 s. 158.

⁸⁵ *Ibid* avsnitt 42.

⁸⁶ Syse, Kjelland og Jørstad s. 252.

⁸⁷ Rt. 1999 s. 1473.

⁸⁸ Rt. 1992 s. 64.

⁸⁹ *Ibid*.

⁹⁰ *Ibid* s. 70.

vilkår).⁹¹ I desse tilfella må skadevaldaren verta frifunnen for handlinga si.

Uvesentlegeskapslæra vert drøfta inngåande i punkt 3.4.

Betingelseslæra byggjer i prinsippet på ei enten/eller løysing. Enten er skadevaldar ansvarleg for heile skaden, eller fri for ansvar. Rettsverknadssida kan forklarast med to sentrale prinsipp – ekvivalensteorien og samanverkande årsaker.

3.2.1.1. Ekvivalensteorien.

Fyrste presisering er ekvivalensteorien.⁹² Etter betingelseslæra kan ein skade ha fleire årsaker. I dei tilfella der skaden er kalla fram av fleire naudsynte vilkår, vert desse likestilte som årsaker til heile skaden. Ein tek ikkje omsyn til at dei forskjellige årsakene har vore tilskot med forskjellig styrke.⁹³ Eit døme på dette er Nilsendommen.⁹⁴ Der kørde drosjesjåføren kørde av vegen og trefte ein fjellvegg. Nilsen var ikkje synleg skada, men utvikla ei vilkårleg psykisk lamming. Lidingane til Nilsen vart utløyst av trafikkulykka, til tross for at det var forhold i skadelidne sin personlegdom som var det mest sentrale i årsaksbiletet. Trafikkulykka spela likevel så vesentleg rolle at det var rimeleg å knytte ansvar til den. Högsterett uttalte at ”hver skadeårsak som det kan knyttes ansvar til, hefter for hele skaden” og i tillegg vart det understreka at det derfor ”ikke foretas noen proratarisk fordeling av ansvaret”.⁹⁵

Føresetnaden om ekvivalensteorien er prinsippet om at skadevaldar må ”ta skadelidne som han/ho er”,⁹⁶ og her er det viktig å forstå betingelseslæra der den vert nytta ved samanverkande årsaker, noko som er vorte understreka av Högsterett.⁹⁷ I Nilsendommen⁹⁸ vart det understreka at ekvivalensprinsippet ”gjelder også i tilfeller hvor en skadeårsak har virket sammen med sykdom eller helsemessig svakhet hos skadelidte”.⁹⁹

⁹¹ Syse, Kjelland og Jørstad s. 252.

⁹² Det same som likestillingsprinsippet.

⁹³ Dersom årsakene har bidrige minimalt til skaden, kjem uvesentlegeskapslæra til bruk og sjaltar årsakene ut. Påstått skadevaldar vert dermed frikjent, jf Syse, Kjelland og Jørstad s. 252- 253.

⁹⁴ Rt. 2001 s. 320.

⁹⁵ *Ibid* s. 334.

⁹⁶ Prinsippet om at ein må ” ta skadelidne som han/ho er” vert behandla i neste punkt.

⁹⁷ Syse, Kjelland og Jørstad s. 253.

⁹⁸ Rt. 2001 s. 320 s. 334.

⁹⁹ *Ibid* s. 334.

Betingelseslæra kjem til bruk i dei tilfella der ansvarshendinga verkar saman med den skadelidne sin veikskap, og hovudregelen er full skadebot om årsakskravet er oppfylt. Det same utgangspunktet gjer seg gjeldande ved valdsofferskadebotsordninga, og skal konkretiserast med eit døme frå nemnda.¹⁰⁰ Skadelidne vart utsett for bombeeksplosjonen 22. juli 2011. Det vart konstatert ein ryggskade og psykiske plager etter bombeeksplosjonen. Nemnda kom til at det førelåg årsakssamanheng mellom bombeeksplosjonen og søkjar sin skade, og prinsippet om veikskap vart lagt til grunn, då søkjar hadde fått konstatert ein ryggsjukdom før den skadevaldande handling skjedde, jf Rt. 1992 s. 64.

Prinsippet om veikskap er ein del av faktisk årsakssamanheng. Situasjonen vert at skadevaldaren si ansvarlege handling samverkar med fysisk eller psykisk veikskap hjå skadelidne, slik at skadeomfanget vert vesentleg større enn det normalt ville tilsei. Det avgjerande er om veikskapen ligg latent til før den vert utløyst av ei ansvarshandling, til dømes ein yrkesskade eller trafikkulykke. Prinsippet om at skadevaldaren må ta skadelidne som ”han/ho er”, betyr at den skadevaldande handling som er gjort gjeldande er årsak til at skaden skjedde, med mindre denne handlinga må setjast til side som uvesentleg i årsaksbiletet.¹⁰¹

Ei utvidande drøfting av veikskapsprinsippet kjem i punkt 3.3.

3.2.1.2. Samverkande årsaker.

Andre presisering er samverkande årsaker. Ein skade kan vere framkalla i eit samverke mellom to (eller fleire) årsaker som begge (eller alle) er naudsynt for at den gjevne skaden skal inntreffe. Ein kan dele samanverkande årsaker inn i to grupper. Fyrste gruppe er at alle årsakene er naudsynte for at ein skade skal inntreffe, det same som at vår årsak i samband med dei andre årsakene vil volda ein skade. Den andre gruppa er overtalige årsaksfaktorar, der er det fleire samverkande årsaksfaktorar enn det som er naudsynt for at ein skade skal inntreffa. Ved overtalige årsaker må ein arbeida ut frå spørsmålet om den ansvarshandlinga som er gjort gjeldande representerte stor nok årsaksevne i høve til den voldte skade.

¹⁰⁰ ENV-2013-810.

¹⁰¹ Nils Nygaard, Skade og ansvar, 5. utgåve, Bergen 2000, s. 334.

Ved samanverkande årsaker kan ein skilje mellom reversible og irreversible skadar. I dei tilfella kor årsaksfaktorane kvar for seg er reversible, verkar desse saman og skapar ei årsaksevne som realiserar seg, vil skaden gjelda i den perioden årsaksfaktorane verkar saman. Til dømes forureining av drikkevatn.

Ved irreversible skadar, til døme at ein person vert drepen med gift, er spørsmålet om A sin giftdose saman med B og C sin dose er sterkt nok som ein årsaksevne. Det avgjerande er om A sin dose realiserte seg slik at den irreversible skaden skjedde før den eller ville ha skjedd, med mindre A sitt realiseringstilskot var uvesentleg.¹⁰²

3.3. Veikskapsprinsippet som eit naudsynt vilkår.

Ein fysisk eller psykisk predisposisjon kan resultera i at skadelidne vert meir mottakeleg for at ein skade kan oppstå, samt større skadeomfang enn normalt. Det er skadevaldaren som ber risikoen for skadelidne sin veikskap, og det er populært uttalt at skadevaldar må ta ”skadelidne som han/ho er”. I dei tilfella kor skadelidne har ein veikskap, kan resultatet verte at skaden/tapet vert meir omfattande enn for ein normalt motstandsdyktig person.¹⁰³

Prinsippet om veikskap byggjer på rimelegheitsomsyn, og er basert på omsynet om respekt for mennesket sin individualitet.¹⁰⁴ Skadelidne har ikkje moglegheit for å verne seg mot medisinske predisposisjonar, og særleg sårbare personar skal ikkje ha eit svakare skadebotvern enn andre. I den seinare tida har gruppa av skadelidne som er særleg veike gjeve eit særskild vern, slik at dei vert stilt på lik linje med dei som er normalt motstandsdyktige. Prinsippet om veikskap har heimel i praksis frå Högsterett.¹⁰⁵

Rossnesdommen¹⁰⁶ er fyrste avgjerd der det vert uttrykkeleg formulert at skadevaldar må ”ta skadelidte slik han/hun er”. Skadelidne vart utsett for ei bilulykke, og krov skadebot for dei psykosomatiske lidingane. Plagene skyldast både påkjørselen og søkjar sin eigen personlegskap. Eit moment av betyding var om søkjar var særleg mottakeleg for skade.

¹⁰² Nygaard, Skade og ansvar (2000) s. 332.

¹⁰³ Syse, Kjelland og Jørstad s. 254-255.

¹⁰⁴ *Ibid* s. 255.

¹⁰⁵ *Ibid* s. 255.

¹⁰⁶ Rt. 1997 s. 1.

Högsterett kom med ein klar og tydeleg regel om at ”skadevolderen må ta skadelidte som han er.”.¹⁰⁷ Forsikringsselskapet vart frifunne på grunnlag av manglande adekvans. Prinsippet om veikskap er vorte vidareført i fleire avgjerdar frå Högsterett, jf under dette Nilsendommen. ”Hovedregelen etter norsk erstatningsrett er at skadelidte må tas som han er”.¹⁰⁸ Prinsippet om sårbarheit medførar inga skjerping av provkavret.¹⁰⁹

Den grunnleggande føresetnaden for at prinsippet om veikskap kjem til bruk er at skadelidne sin latente veikskap har vorte realisert av ansvarshendinga, samt at prinsippet gjeld for dei ulike veikskapsformar. Prinsippet vernar i tillegg om sjølvforskyld veikskap og økonomisk veikskap.¹¹⁰ Sjølv om utgangspunktet er at prinsippet om veikskap vernar om sjølvforskyldt veikskap, og det føreligg ikkje grunnlag for å tru at prinsippet kan gjelde i ytst konsekvens. Då skadevaldar har verneverdige interesser. Prinsippet vert avgrensa mot skadelidne sin medverknad, som til dømes ved røyking og alkoholbruk.

I Passiv røyk 1-dommen¹¹¹ utvikla ein bartender lungekreft etter å ha vore utsett for passiv røyking over fleire år. I tillegg røykte skadelidne om lag 10 til 15 sigarettar om dagen. Högsterett konstaterer at ein må ”ta skadelidte som han/ho er”. I tillegg oppstiller dommen ei avgrensing opp mot skadelidne sin medverknad.¹¹² Fyrstvoterande uttalte at han ”ikke vil utelukke at selvforskylt mottakelighet som følge av røyking, alkoholbruk mv. etter ysfl¹¹³ § 14 kan regnes som medvirkning til skaden eller sykdommen”.

Det er nærliggande å tenkje seg ei grensedragning mot dei tilfella kor søker sin veikskap skyldast skadelidne sin eigen livsstil. Eit tilfelle kan vera av kor den særskilde mottaklegskap er grunna av ein medvitne og langvarig pillebruk.¹¹⁴

Ved økonomisk veikskap står ein overfor tilfella der skadelidne har eit spesielt yrke som oppstiller særskilde helsekrav som flygar eller dykker. Konsekvensen i desse yrkesgruppene kan vera at ein liten realskade kan gi monaleg yrkesuføreskap. At skadevaldar i

¹⁰⁷ *Ibid* s. 8.

¹⁰⁸ Rt. 2001 s. 320 s. 333.

¹⁰⁹ Syse, Kjelland og Jørstad s. 255.

¹¹⁰ Går ikkje inn på noko vidare drøfting, då dette fell utanfor avhandlinga sin tittel.

¹¹¹ Rt. 2000 s. 1614.

¹¹² *Ibid* s. 1627.

¹¹³ Lov om yrkesskadeforsikring av 16. juni 1989 nr. 65.

¹¹⁴ Peter Lødrup, Lærebok i erstatningsrett, 6. utgåve, Oslo 2009, s. 335.

utgangspunktet må ta skadelidne som han/ho er, gjer seg og gjeldande i desse tilfella, jf Dykkardommen.¹¹⁵ Ein dykker fekk ein beskjeden skulderskade etter ei trafikkulykke. På grunnlag av helsekrava til metningsdykkerane i Nordsjøen kunne ikkje skadelidne halda fram i yrket. Skadelidne vart tvungen til å ta seg eit ordinært arbeid som gav mindre i inntekt. Högsterett kom til at inntektstapet vart stort, men skadebot vart ytt fullt ut. At skadelidne hadde økonomisk veikskap, medførte ingen avgrensingar i skadebota.¹¹⁶

3.4. Unntaket - dei skjønnsmessige avgrensingane av skadebotvernet.

3.4.1. Uvesentlegkapslæra.

Uvesentlegkapslæra er utvikla gjennom Högsterett, ved behandling av sakar om veikskap. Uvesentlegkapslæra legg opp til ei samanlikning av årsaker, der føresetnaden vert ei samanlikning av fleire faktorar i årsaksbiletet.¹¹⁷ Högsterett snakkar om ansvarshendinga sitt tilskot ”i forhold til en annen årsak”¹¹⁸ og at tilskotet må vurderast ”i et totalbilde”.¹¹⁹ Dette samanlikningsbiletet gjenspeilar seg og i praksis frå nemnda, til dømes i ENV-2011-4750. Her var spørsmålet om det førelåg årsakssamanheng mellom valdshandlinga og søkjar sitt tap i framtidig erverv utover den valdsofferskadebota han var tilkjent. Det vart konkludert frå nemnda at den skadevaldande handling ikkje stod fram som ein så vesentleg årsak i det totale biletet at det var rimeleg å knytte eit ytterlegare ansvar til den. Det vart nemnt vidare at sjølv om hovudregelen er at ein skal ta skadelidne som han er, må det vera grenser for kor langt eit ansvar skal rekkje, jf Rossnesdommen.¹²⁰ Eit viktig område for avgrensingsregelen er tilfella kor skadehandlinga samverkar med fysisk eller psykisk veikskap.

Praksis gjev og eksempel på at nemnda brukar uvesentlegkapslæra som ei form for tilleggsgrunngjeving for å ikkje tilkjenne skadebot. Fyrst legg nemnda til grunn at det ikkje føreligg noko ansvarsgrunnlag eller faktisk årsakssamanheng, for så å tilføya at vilkåret i uvesentlegkapslæra ikkje er oppfylt, til dømes ENV-2011-4750.

¹¹⁵ Rt. 2003 s. 338.

¹¹⁶ *Ibid* avsnitt 77.

¹¹⁷ Syse, Kjelland og Jørstad s. 258- 259.

¹¹⁸ Rt. 1992 s. 64 s. 70.

¹¹⁹ Rt. 1998 s. 1565 s. 1583.

¹²⁰ Rt. 1997 s. 1.

I einskilde tilfelle kan den ansvarshandlinga som yt eit minimalt bidrag til ansvarshendinga verta den utslagsgivande ved at hendinga utløysar veikskapen og dermed framkallar skaden. Ein seier at det var dråpen som fekk begeret til å renne over.¹²¹ Metaforen vert brukt til å kaste ljós over kvifor ansvarshandlinga ikkje kan leggjast vekt på, jf Nilsendommen. Högsterett uttalar at hovedregelen etter norsk skadebotrett er ”at skadelidte må tas som han er”, men at det er ei grensa i ”tilfeller hvor trafikkulykken bare må ses som ”en liten tue som har veltet et stort lass””.¹²²

Det er grunn for å presisere uvesentligskapslæra sitt forhold til betingelseslæra. Domstolane har ein tendens til å bruka varierande systematikk. Den eine innfallsvinkelen er at ein bakar inn uvesentlegskapslæra inn i betingelseslæra, under dette som eit naudsynt vilkår, jf P-pilledom 2. Fyrstvoterande uttalar at ”Når jeg i det følgende drøfter om p–pillebruken er en nødvendig betingelse eller årsak til skaden, legger jeg samtidig i uttrykket ”nødvendig” at den har vært så vidt vesentlig i årsaksbildet at det er naturlig å knytte ansvar til den”.¹²³ Den andre løysinga er at ein skil ut uvesentligskapslæra frå betingelseslæra, slik at det vert oppstilt som eigne reglar, jf Ranheimdommen. Skadelidne skal ha vore utsett for ei bilulukka som førte med seg ei lamming i armen. I denne avgjerda skilde Högsterett mellom betingelseslæra (1) og uvesentlegskapslæra (2):

(1) ”I forhold til betingelseslæren, som er utgangspunktet for bedømmelsen av årsakssammenheng i norsk erstatningsrett, må det dermed legges til grunn at det er en faktisk årsakssammenheng mellom ulykken og lammelsen” og (2) ”Saken reiser etter dette spørsmål om bilulykken er en såpass vesentlig faktor i utviklingen av lammelsen at det er naturlig å knytte ansvar til den, om et tap er en adekvat følge av ulykken, og om hvilket nærmere tap i ervervsevne ulykken i tilfelle har medført”.¹²⁴

Uvesentlegskapslæra vert oppstilt som ein sjølvstendig årsaksregel, og denne synsvinkelen gjev eit meir presist bilet av tilnærminga i nyare rettspraksis som Nilsendommen¹²⁵,

¹²¹ Nygaard, Skade og ansvar (2000) s. 337.

¹²² Rt. 2001 s. 320 s. 333.

¹²³ Rt. 1992 s. 64 s. 70.

¹²⁴ Rt. 2001 s. 337 s. 341-342.

¹²⁵ Rt. 2001. s. 320 s. 329.

Pseudoanfalldommen¹²⁶ og Askdommen¹²⁷, der vesentlegskapslæra enten vert oppstilt som eit tillegg til eller eit unntak frå betingelseslæra.

Eit sentralt poeng ved uvesentlegskapslæra er årsaksbildet sin kompleksitet. Desto meir samansatt årsaksbiletet er, jo lettare vert det å rekna ansvarshendinga for såpass perifer at den vert fjerna. I Inneklimadommen vert dette momentet lagt vekt på. Høgsterett konkluderte med at årsaksbidraget var eit for lite vesentleg element i vurderinga og at ein stod overfor eit ”meget sammensatt årsaksbilde”.¹²⁸

Formålsbetraktingar kan verta veklagt i uvesentlegskapsvurderinga. Dersom ansvarshendinga sitt formål er å verne den skaden ein står overfor, er det eit moment for ansvar, jf Disprildommen. Høgsterett tek omsyn til at sjeldne biverknadar er noko ein ynskjer å verne. Ved å vise til forarbeida framhevar fyrstvoterande for fleirtalet at legemiddelansvaret tek sikte på å fange opp dei sjeldne biverknadane med eit stort skadepotensial;

”Det er etter min mening ikke grunnlag for å anse at Dispril har hatt så liten innvirkning på forløpet at det skulle være unaturlig å tillegge det erstatningsrettlig betydning. Det dreier seg – slik jeg ser det – om to faktorer som begge har vært nødvendige for å frambringe en meget sjeldent forekommende bivirkning. At en slik virkning inntrer uhyre sjeldan, er ikke avgjørende. De sjeldne bivirkningene med stor skadeevne er nettopp en viktig gruppe tilfeller under det objektive legemiddelansvar, jf NOU 1980:29 Produktansvaret, side 25”.¹²⁹

Regelen sitt formål om å verne inngår i avveininga av det som er naturleg å tillegge ansvar, samt eksemplifiserar at formålsbetraktingar kan ha ein plass i uvesentlegskapslæra.¹³⁰ Spørsmålet er vidare om kva som skal til for å koma seg over uvesentlegskapstorskelen. Minstekravet er presisert i rettspraksis, jf Stokkedommen, kor Høgsterett seier ”Det er bare hvis en av de samvirkende årsaker må anses som ubetydelig (...) kan velge å se bort fra den”.¹³¹ Høgsterett har i andre dommar nytta uttrykk som ”helt uvesentlig årsak”, ”for

¹²⁶ Rt. 2007 s. 158 avsnitt 65-66.

¹²⁷ Rt. 2010 s. 1547 avsnitt 33 og 68.

¹²⁸ Rt. 2000 s. 620 s. 631.

¹²⁹ Rt. 2000 s. 915 s. 925.

¹³⁰ Syse, Kjelland og Jørstad s. 262.

¹³¹ Rt. 1999 s. 1473 s. 1487.

beskjedent” og ”liten innvirkning på skadeforløpet”.¹³² Sjølv om formuleringane varierar, viser det til at det kun er aktuelt å skyve ut årsakar som er heilt uvesentlege. Dette understrekar at norsk skadebotrett ikkje byggjer på ei tradisjonell årsakslæra, men uvesentlegskapslæra. Rettsverknaden er enten/eller løysning. Dersom ansvarshandlinga er for perifer, er skadevaldar fri for ansvar. Er ein over minstekravet for ansvarshandlinga, er det fullt ansvar for skadebot.¹³³

3.5. Rettsleg avgrensing i årsakskravet – adekvanslæra.

Skadebotansvaret har ikkje kun eit vilkår om at det er faktisk årsakssamanheng mellom den skadevaldande handling og skaden. Dette er uttrykkeleg fastsett i praksis frå nemnda, sjå til dømes ENV-2013-1295: ”Nemnda anser at voldshendelsen har hatt en viss innvirkning på søkeres helse, men på bakgrunn av sakens dokumenter fremstår årsaksbidraget til det anførte inntektstap som for beskjedent”. Kvalifikasjonskravet til årsakssamanhengen må vera oppfylt, under dette vilkåret om adekvans.

Læra om adekvans kan i hovudsak formulerast ved at den faktiske skaden eller hendinga må vera innanfor det som er pårekneleg. Det fyrste er at sjølve skadefylja må vera pårekneleg, det same som at fyljeskaden ikkje er av ein slik art eller type enn det som er pårekneleg. For det andre må skademåten eller hendingsgangen være pårekneleg, under dette at det ikkje oppstår ei uventa årsakshending som skyt inn og medverka til hendinga. I tillegg til påreknelegskapskriteriet er det og krav om ein viss nærliek i årsakssamanhengen; nærliekskriteriet har særleg forankring i Flymanøverdommen, kor Högsterett uttalar at ”tvilen i saken knytter seg til kravet om en viss nærhet i årsakssammenheng, uavhengig av den konkrete påregnelighet”.¹³⁴

Læra om adekvans sitt ansvar vert avgrensa ved å vege interessene mot kvarandre. Rettsbrukaren må foreta ei heilskapeleg vurdering, og drøfte dei ulike skjønnsmoment. Læra om adekvans er ulovfesta, og har heimel i rettspraksis og rettseddiane.

¹³² Jf Thelledommen (Rt. 2000 s. 418 s. 433), Liedommen (Rt. 1998 s. 1565 s.1583) og Disprildommen (Rt. 2000 s. 915 s. 925).

¹³³ Syse, Kjelland og Jørstad s. 262.

¹³⁴ Rt. 1973 s. 1268 s. 1272.

Omsynet med adekvans er at skadelidne treng vern mot skade og tap, samt at skadebotansvaret ikkje skal verta for omfattande på skadevaldarsida. Ein stad må det setjast ei grense.¹³⁵ Ved å ta omsyn til skadevaldaren sine interesser, likestiller ein læra om adekvans med uvesentlegskapslæra. Likevel er det skilnadar på dei to avgrensingsreglane. Den viktigaste skilnaden er at uvesentlegskapslæra fokuserar på ansvarshendinga sitt årsaksbidrag, medan læra om adekvans er retta mot skadefylja. I tillegg står adekvanslæra av ei meir samansatt vurdering.

Valdsofferskadebotova byggjer på dei alminnelege skadebotrettslege prinsipp.¹³⁶ Hovudskilnaden mellom dei to skadebotrettslegeordningane finn ein under adekvans. For det første leiar avgrensinga av adekvans til ein skilnad om kven som vert rekna som direkte og indirekte skadelidt.¹³⁷ For det andre baserer ansvarsgrunnlaget seg på straffbare handlingar, kor grensa for kva som vert rekna som ei tilstrekkeleg nær og pårekneleg fylje av den straffbare handlinga vil kunne trekkjast vidare enn etter alminneleg skadebotrett, kor ei aktlaus handling vil etablera eit skadebotansvar.

I den vidare framstillinga av avhandlinga vil ein gjera reie for den utvida tilgangen til skadebot som valdsofferskadebot opnar for.

3.5.1. Generelt om adekvans.

Eit skadebotansvar har ikkje kun eit vilkår om at det føreligg faktisk årsakssamanheng. Det er visse kvalifikasjonskrav til årsakssamanhengen som må vera oppfylt, under dette vilkåret om adekvans. Dette betyr at den skadevaldande handling ikkje må vera tilfeldig, atypisk eller upårekneleg slik at det er rimeleg å pålegga eit ansvar om skadebot.¹³⁸ I Thelledommen, som gjaldt ein nakkeskade etter ein påkøyrsel bakfrå, uttalte Högsterett at ”en ansvarsbetingende årsakssammenheng ikke er tilstrekkelig for ansvar. Det er også et krav om at de skader som oppstår som følge av den utløsende årsak, ikke fremstår som for upåregnlig og fjerne”.¹³⁹

¹³⁵ Nygaard, Skade og ansvar (2000) s. 344.

¹³⁶ Ot.prp. nr. 4 (2000-2001) side 18.

¹³⁷ Brath s. 95.

¹³⁸ Lødrup s. 370.

¹³⁹ Rt. 2000 s. 418 s. 433-434.

På rettsverknadssida opnar læra om adekvans for ein gradert reduksjon av ansvaret. Ein er ikkje bunden av ei enten/eller løysning, noko som er eit avvik frå uvesentlegskapslæra.¹⁴⁰ Orda adekvans og påreknelegskap kan nyttas om kvarandre, men for ei betre framstilling av materialet brukar ein adekvans for å angi sjølve vurderingstemaet og påreknelegskap som skadefylja sitt sannsyn. Det er eit naturleg utgangspunkt å starte med behandlinga av påreknelegskap, då det samsvarar med det nye rettskjeldemateriet og juridisk teori.¹⁴¹

Det finst ikkje ein generell lovregel som kan uttrykkja kva adekvanslæra går ut på. Dette på grunnlag av at saksforholda kan variera i det uendelege, og det er behov for dynamikk i reglane. Ein er på eit område kor ein må formulera vurderingstema og dei tilhøyrande prinsipp og moment. Læra om adekvans kan reknast som ei samling av prinsipp og moment ”som utgjør et slags ”puslespill””.¹⁴² På grunnlag av analysar av rettspraksis og andre rettskjelder vert prinsippa presenterte som sentrale avgrensingsfaktorar. Påreknelegskapskriteriet og nærliekskriteriet står fram som dei to sentrale kriteria for adekvans, og vert behandla vidare i punkt 3.5.2 og 3.5.3.

3.5.2. Påreknelegskapskriteriet.

Påreknelegskapskriteriet er det mest sentrale kriteriet i læra om adekvans, då det som utgangspunkt vert knytt til den konkrete skadevaldande handlinga. Det kan formulerast positivt som eit krav om påreknelegskap, eller det kan formulerast negativt som eit krav om at den skadevaldande handling ikkje må vera for upårekneleg. Terminologien er utan betydning, men det er den negative definisjonen som er den mest dekkande for realiteten i kriteriet. Rettsbrukaren må foreta ei heilskapeleg vurdering som er relatert til når skaden skjedde og den sitt forlaup og omfang. Dette betyr at den konkrete skaden må vera ei pårekneleg fylje av den konkrete ansvarshendinga, av det ein kan forventa av ein liknande situasjon.

¹⁴⁰ Syse, Kjelland og Jørstad s. 262.

¹⁴¹ Lødrup s. 369.

¹⁴² Syse, Kjelland og Jørstad s. 263.

Ein kan ikkje legge til grunn ei abstrakt påreknelegksapsvurdering, kor ein stiller spørsmålet kva som kan vera aktuelt for valdshandlingar generelt.¹⁴³ I Pseudoanfalldommen tok Högsterett avstand frå denne generelle og konkrete tilnærminga. Fyrstvoterande uttalte at ”når vi skal ta stilling til spørsmålet om adekvans i vår sak, må det således skje etter en konkret vurdering av omstendighetene i saken, der det må ses hen til den skadeutvikling og der invaliditet som foreligger sett i forhold til ulykken i 1989.”.¹⁴⁴

Ein konsekvens ved påreknelegksapsvurderinga er at skadevaldar som utgangspunkt må ta omsyn til skadelidne sin eventuelle veikskap. Etter norsk rett er utgangspunktet om fyljene av ei handling er påreknelege eller ikkje, og utgangspunktet at dette er ei vurdering som er tatt frå skadevaldaren sin ståstad då ansvarshandlinga vart utøvd. I Rossnesdommen uttalte fleirtalet at ”en bilfører generelt må regne med at en alvorlig skade kan inntreffe som følge av hans uaktsomhet.”.¹⁴⁵ Å verte påkøyrd av ein bil kan vera pårekneleg. Det avgjerande er om skaden eventuelt er ei pårekneleg fylje av ansvarshandlinga, med den sin konkrete eigenart.

I mange skadesituasjonar er det på det reine at skadevaldar forstod eller burde forstått at den aktuelle handlinga ville resultera i ein skade, jf Nevrosedommen. Skadelidne utvikla ein nevrose etter ein beskjeden påkøyrsel. Fyrstvoterande uttalte at ”en sjelelig skade av den art eller rekkevidde som vi har her å gjøre med lå langt utenfor hva den påkjøring var utsatt for med rimelighet kunne tenkes å ville føre med seg.”.¹⁴⁶

Påreknelegksapsvurderinga visar til ei frekvensorientert vurdering mellom skaden og ansvarshandlinga. Desto meir sannsynleg det er for at ein skade vil skje som fylje av den skadevaldande handlinga, jo enklare er det å seia at påreknelegksapskriteriet er oppfylt. Og omvendt, jo sjeldnare skadefylja er, dess vanskelegare er det for skadelidne å oppfylle adekvanskavret. Det går fram av rettspraksis at det skal mykje til for at domstolane finn at frekvensen er så lav at skadefylja er urimeleg.¹⁴⁷

¹⁴³ *Ibid* s. 264.

¹⁴⁴ Rt. 2007 s. 158 avsnitt 70.

¹⁴⁵ Rt. 1997 s. 1 s. 13.

¹⁴⁶ Rt. 1940 s. 82 s. 89.

¹⁴⁷ Lødrup s. 374.

I Disprildommen visar Högsterett til ein generell tendens og uttalar at det at skadelidne si hudliding ”inntrer uhyre sjeldan, er ikke avgjørende.”¹⁴⁸ Avgjerda gjeld legemiddelansvaret, kor det i forarbeida går fram at ansvaret skal rekkje vidt.¹⁴⁹ I seinare rettspraksis er det i Nilsendommen, kor ein stod overfor ei uvanleg skadefylje. Högsterett uttalte at det ”må legges til grunn at det ikke er påregnelig at en trafikkulykke kan utløse en psykisk lidelse, og selv om skadeforløp av den karakter vi her står overfor er sjeldne, kan skaden etter min oppfatning ikke falle utenfor det som må regnes som en adekvat følge av ulykken.”.¹⁵⁰ Högsterett konkluderte med at skadefylja var adekvat. Dommen visar for det fyrste til det som tidlegare har vorte påpeikt, at sjeldne skadefyljer kan være påreknelege og at det er noko ein ut frå erfaring reknar med vil inntreffe.¹⁵¹

Når det vert stilt avgrensa krav til skadehyppigheita, kan den verta så lav at skadefylja kan reknast som inadekvat. Dette gjer seg særleg gjeldande i dei tilfella kor skadelidne sin sårbarskap er så framtredande at det vil gje seg utslag i eit heilt ukarakteristisk/atypisk skadelaup og skadeomfang.

I Schizofrenidommen skyldast ikkje skadelidne si psykiske liding sjølve ulykka, men dei negative konsekvensane den hadde for ho. Fyrstvoterande uttalte at ”det er ikke upåregnelig at en dramatisk fallulykke som den A ble utsatt for, fører til psykiske skadenvirkninger. Det hører imidlertid til sjeldenhetsene at en slik ulykke utløser alvorlig sinnsykdom – i dette tilfellet schizofreni. Sykdomsriskoen for schizofreni er som nevnt meget lav, og sannsynligheten for at schizofreni skal inntreffe som følge av en fallulykke, må derfor sies å være ytterst beskjeden.”.¹⁵² I denne dommen kom Högsterett til at skadefylja var upårekneleg.

¹⁴⁸ Rt. 2000 s. 915 s. 925.

¹⁴⁹ NOU 1980:29 Produktansvaret s. 205.

¹⁵⁰ Rt. 2001 s. 320 s. 334.

¹⁵¹ Lødrup s. 374.

¹⁵² Rt. 2007 s. 172s. 67.

3.5.3. Nærleikskriteriet.

Nærleikskriteriet er ei anna form for avgrensingstankegang som går ut på at skadefylja ikkje må vera for fjern, avleda og indirekte i forhold til ansvarshandlinga. Nærleikskriteriet gjer seg tydeleg gjeldande i tilfella kor skadefylja råkar tredjemann som har ei tilknyting til primærskaden gjennom kontakt. Utgangspunkt er at skade på tredjemann vert rekna som indirekte og avleia.¹⁵³ Forholdet til tredjemann og den sin rett til skadebot etter valdsofferskadebotlova vil verte drøfta inngående under punkt 4, då valdsofferskadebotlova skil seg frå alminneleg skadebot på dette området.

I Flymanøverdommen vert det oppstilt krav om ”en viss nærhet i årsakssammenheng, uavhengig av den konkrete påregnelighet.”¹⁵⁴ Dette synspunktet er vidareført i seinare rettspraksis, jf Pseudoanfalldommen, der presiserer Høgsterett at ”det ved siden av en påregnelighetsvurdering må skje en avgrensing av ansvaret i forhold til skader som ikke har en tilstrekkelig nærhet i forhold til den skadevoldende handling.”¹⁵⁵ Dommane gjer reie for rekkevida av skadebotansvaret.

Nærleikskriteriet er juridisk, og det er ikkje naudsynt at det har noko med tid og stad å gjera. Vert nærleikskriteriet nytta i sakar med personskade er det spørsmål om skaden sin karakter. Er skaden typisk/karakteristisk, talar det for at adekvanskriteriet er oppfylt. Dersom det er utypisk/ukarakteristisk talar det for at skadefylja ikkje er adekvat.¹⁵⁶ I den vidare framstillinga vil ein gjera reie for einskilde forhold som må vurderast til ulike fasar i skadelaupet, då det vil føra for langt å uthula nærleikskriteriet i sin heilskap.

Det fyrste ein må vurdera er om initialfasen er karakteristisk, jf eksempelsvis Nilsendommen. Høgsterett vektlegg at ”de første sykdomssymptomene oppstod to dager etter ulykken”.¹⁵⁷ Det vart ikkje uttrykt eksplisitt, men retten la vekt på at sjukdomssymptoma oppstod i kort tid etter ulykka, noko som er rimeleg å forvente etter ein skade. Ein legg vekt på om initialsadane visar seg tidleg. I dei tilfella kor skadelidne har hatt akuttsymptom, vil det

¹⁵³ Nygaard, Skade og ansvar (2000) s. 356.

¹⁵⁴ Rt. 1973 s. 1268 s. 1272.

¹⁵⁵ Rt. 2007 s. 158 s. 67.

¹⁵⁶ Syse, Kjelland og Jørstad s. 265.

¹⁵⁷ Rt. 2001 s. 320 s. 334.

kunne kasta ljós over om skadefylja er adekvat. Det føreligg dermed ein samanheng mellom kriteria av prov for faktisk årsakssamanheng og adekvansvurderinga.

For det andre må ein vurdera om det vidare skadelaupet er karakteristisk. Sjukdomslaupet sin karakter har og relevans for vurderinga av om det føreligg faktisk årsakssamanheng. I Thelledommen vart ei kvinne utsett for ei bagatellmessig påkørysle bakfrå. Høgsterett vektla at skadelidne fekk ei betring, for deretter ei plutselig betydeleg forverring. Dei medisinske sakkyndige fant at sjukdomslaupet var atypisk og ukarakteristisk, noko som virka inn på adekvansvurderinga. Høgsterett akta;

”Thelles sykdomsforløp i desember 1993 som så uvanlig og de senere varige plager som så fjerne i forhold til det opprinnelige og meget beskjedne sammenstøtet, og så avleddet i forhold til den begrensede bløtdelsskade som derved inntraff, at det ikke er rimelig å pålegge forsikringsselskapet erstatningsansvar.”.¹⁵⁸

I avgrensinga mot fyljeskader (sekundærskadar), må ein vurdera om årsakskjeda er vorte supplert av etterfylgjande omstende. Dersom fleire årsaksfaktorar kjem inn og yt årsaksbidrag til skadeutviklinga, jo meir talar det for at skadefylja er fjern og avleda. Desto meir samanhengande og uforstyrra årsaksrekke lauper frå ansvarshendinga, jo lettare er det å rekne nærleikskriteriet oppfylt.¹⁵⁹

I Pseudoanfalldommen vart utviklinga av den somatoforme lidinga etter trafikkulykka i vesentleg grad årsaka til ei sjølvpåført sjukleggjering. Mange gonger trossa skadelidne lækjaren sitt råd om å akseptere skaden som ei psykisk liding. I staden retta ho fleire tilvisingar til helsevesenet, for å få ei stadfesting om at lidinga hennar var somatisk, og dette verka sjukdomsframkallande. Sentralt i årsaksbiletet stod motivasjonen til å få utbetalt skadebot. Høgsterett la avgjerande vekt på at trafikkulykka kun var ein indirekte årsak til skaden og uttalte fyljande;

¹⁵⁸ Rt. 2000 s. 418 s. 433.

¹⁵⁹ Syse, Kjelland og Jørstad s. 266.

”Ulykken er her en indirekte skadeårsak. Det er skadelidtes egen forestilling og forklaring på sine egne plager, der disse hele tiden henføres til ulykken, som gjør at denne bidrar til skadeutviklingen. Dette gir skaden et klart indirekte og avledet preg i forhold til ulykken, noe som taler mot å la skaden bli omfattet av bilansvaret.”¹⁶⁰

Desse argumentasjonslinjene finn ein att i praksis frå nemnda og i rettspraksis om valdsskadar. ENV-2013-1689 gjev ein god illustrasjon om betydinga av etterfyljande forhold som infiltrerer årsakslaupet og sjukdomsutviklinga. Skadelidne krov skadebot etter å ha fått psykisk skade, etter å ha opphalde seg på kjøpesenteret Glassmagasinet då bomba gjekk av i Regjeringskvartalet 22. juli 2011. Nemnda kom til at det låg føre faktisk årsakssamanhang mellom bombeeksplosjonen og søkjar sin forverra psykiske helsetilstand etter den 22. juli 2011. Spørsmålet vert etter dette om det førelåg rettsleg årsakssamanhang.

Ved den generelle skildringa av nærleikskriteriet visar nemnda til Thelldommen.¹⁶¹ I den konkrete rettsbruk framhevar nemnda at skadefylja var for fjernt avleda frå den skadevaldande handling, samt at skadelidne var sårbar for skade ved oppleving av traumatiske hendingar, på grunnlag av tidlegare psykiske traume. Nemnda konkluderte med at skaden var for fjernt avleda frå den skadevaldande handling for å kunne tilkjenne valdsofferskadebot.

Etterfyljande hendingar kan kome inn i årsaksbiletet og gjera ansvarshendinga til ein indirekte skadeårsak, som til dømes gjennom Schizofrenidommen, kor skadelidne var på arbeid då han datt ned frå ein lift. Arbeidsulykka vart etterfylgt av ei rekke utanforliggende (ikkje ansvarsgivande) forhold som resulterte i at ansvarshendinga vart for fjern eller indirekte.

Högsterett uttalte:

”Det var ikke fallulykken, men de negative konsekvensene av ulykken som bidro til utviklinga av As schizofreni - særlig det forhold ar han mistet (1) vesentlige fritidsaktiviteter, (2) sitt tidligere arbeid og (3) at han gjennomgikk en mislykket rehabilitering. Ved dette fjernet sykdomsforløpet seg markert fra ulykken. As sykdom står således ikke i noen nær og umiddelbar forbindelse med selve ulykken – det dreier seg om et avledet og utpreget indirekte årsaksforhold. Det er grunn til å tro at sykdomsutviklingen i ikke uvesentlig grad ble påvirket av (4) samlivsbruddet – en utenforliggende faktor som ikke stod i noen sammenheng med

¹⁶⁰ Rt. 2007 s. 158 avsnitt 75.

¹⁶¹ Rt. 2000 s. 418 s. 433.

ulykken. Alt i alt fremstår As schizofreni som en så upåregnelig, fjern og indirekte følge av arbeidsulykken, at det etter mitt syn ikke er rimelig å knytte ansvar til den.”¹⁶²

Etterfyljande omstende er og relevant i høve til vurderinga av uvesentlegskapslæra. Dette på grunnlag av at ansvarshendinga sitt tilskot vert ”uttynna” medan tida går og nye faktorar vert infiltrert i årsakskjeda. Resultatet vert dermed at ansvarshendinga kjem i bakgrunnen.

Forholdet gjer seg særleg gjeldande i forhold til sekundærskadane.¹⁶³ Eit eksempel ser ein i Ranheimdommen, kor Högsterett påpeikar dette faktum, om at ”drøftelsene av vesentlighet og adekvans (kan) gli noe over i hverandre.”¹⁶⁴ Synspunktet er seinare vorte stadfesta i Askdommen.¹⁶⁵

¹⁶² Rt. 2007 s. 172 avsnitt 69.

¹⁶³ Morten Kjelland, Årsakssammenheng og bevis i personskadeerstatningsretten. Særtrykk av Nordisk forsäkringstidsskrift 2/2012 punkt 4.2.3.

¹⁶⁴ Rt. 2001 s. 337 s. 342.

¹⁶⁵ Rt. 2010 s. 1547 avsnitt 68.

Kapittel 4. Retten til valdsofferskadebot.

4.1. Utgangspunkt.

For å verta tilkjent valdsofferskadebot må det vera klårt sannsynleggjort at ein har vore utsett for *ei straffbar handling* som krenkjer livet, helsa eller fridomen, og ein har fått ein *personskade* som fylje av dette, jf voerstl. § 1 jf § 3 fjerde stykke.¹⁶⁶

4.1.1. Straffbar handling.

Etter voerstl § 1 fyrste stykke er vilkåret at den skadevaldande handlinga er straffbar. Det fylgjer av dette at ulykker og hendige uhell ikkje er omfatta av valdsofferskadebotordninga.

Den straffbare handlinga må vidare vera forbode ved lov under trugsel om straff, og straffeleggingsvilkåra i strafferetten må vera oppfylt.¹⁶⁷ Straffeleggingsvilkåra kan samanfattast til fire punkt. Det må vera eit straffebod som passar på handlinga, gjerningsmannen må ha utvist subjektiv skyld og må ha vore tilrekneleg, og det må ikkje liggja føre grunnar for straffefridom.¹⁶⁸

Vilkåra om at skadevaldar må ha vore tilrekneleg og at det ikkje må liggja føre grunnar for straffefridom, vert det gjort unntak frå i voerstl § 1 fyrste stykke andre punkt. Dette betyr at valdsofferskadebot kan tilkjennast, sjølv om handlinga er straffri etter straffelova.¹⁶⁹ Unntaka er fastsett ut frå omsyna for å leggje i høvesvis straffeansvar og skadebotansvar. Formålet med valdsofferskadebot er å dekkja valdsofre sitt tap¹⁷⁰, og omsyna til dei skadebotrettslege prinsippa om risikoplassering og gjenoppretting gjer seg gjeldande. Var skadevaldaren utilrekneleg på handlingstida har ein ikkje utvist skyld til å kunne straffast.

¹⁶⁶ Mi kursivering.

¹⁶⁷ Ot.prp.nr. 10 (2007-2008) s. 11.

¹⁶⁸ Johs. Andenæs, Magnus Matningsdal og Georg Rieber-Mohn, Alminnelig strafferett, 5 utgåve, Oslo, 2004 s. 101.

¹⁶⁹ Almindelig borgerlig straffelov av 22. mai 1902 nr. 10 (heretter strl).

¹⁷⁰ Ot.prp.nr. 4 (2000-2001) s. 16.

Dette omsynet gjer seg ikkje gjeldande ved spørsmålet om kven som er nærmast til å bæra tapet, og eit skadebotansvar kan dermed fastsetjast.

Vert skadevaldar dømt i retten, kan valdsofferskadebotmyndigheita leggja til grunn at det har vorte gjort eit brotsverk.¹⁷¹ Ein dom er prov på dette. Vert skadevaldar frifunnen i retten, kan det likevel tilkjennast valdsofferskadebot dersom valdoffermyndigheita kjem til at vilkåra er stetta. Dette har samanheng med straffedommen sin positive rettskraft, ved at ein straffedom ikkje er bindande for ein seinare civil sak.¹⁷² Valdsofferskadebotlova sine provkrav¹⁷³ er strengare enn alminneleg skadebotrett, men ikkje like streng som for domfelling i ein straffesak.¹⁷⁴

Det kan og tilkjennast valdsofferskadebot sjølv om straffesaka er vorte bortlagd. Dette er fordi valdoffermyndigheita føretok ei sjølvstendig vurdering av saka sine prov i kvar einskild sak om valdsofferskadebot.

Ved fastsettinga av kva skadevaldande handlingar som kan utløyse valdsofferskadebot er det tatt utgangspunkt i ordninga si rettspolitiske grunngjeving.¹⁷⁵ ”Etter departementets syn står statens ansvar for å forhindre volds forbrytelser i en særstilling. Disse forbrytelsene representerer en direkte trussel mot folks liv og helse og krenker dermed de mest fundamentale rettsgodene i vårt samfunn. Der samfunnet i det enkelte tilfelle ikke lykkes i å forhindre slike handlingar, bør fellesskapet dekke det tap som personskaden fører med seg der dekning for tapet ikke kan oppnås på annen måte”.¹⁷⁶

Før lovendringa i 2008 måtte handlinga som danna grunnlaget for valdsofferskadebot etter bestemminga ha vore ei ”forsettlig legemskrenking eller annen straffbar handling som bærer preg av vold eller tvang”. Etter lovendringa måtte handlinga vera ei ”straffbar handling som krenker livet, helsen eller friheten”. Endringa i lova sin ordlyd representerar ei viss liberalisering og klårgjering av kva for straffbare handlingar som vert omfatta av ordninga,

¹⁷¹ Schønning 1991 s. 26.

¹⁷² Brath s. 37.

¹⁷³ Inga vidare drøfting av provkravet, då det fell utanfor avhandlinga sin tittel.

¹⁷⁴ ENV-2010-1792.

¹⁷⁵ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 14.

¹⁷⁶ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) Kap 5.1 s. 16-17.

slik at fleire alvorlege trugselhandlingar, mishandling i nære relasjonar og menneskehandel vart omfatta.¹⁷⁷

Spørsmålet vert vidare kva straffbare handlingar som ber preg av vald eller tvang. Av forarbeida går det fram at med vald meinast maktutøving mot person.¹⁷⁸ I omgrepet tvang ligg at ein ved makt eller trugsel om maktutøving får ein person til å tåle eller unnlata noko.¹⁷⁹ Begge omgrepa må forståast på same måte som i strafferetten. Alternativet omfattar også aktlause drap¹⁸⁰, då desse kan ha preg av vald.¹⁸¹

Ei uttømmande oppramsing av kva typar av straffbare handlingar som vert omfatta av voerstl § 1 vil resultera i ei mindre smidig ordning, med fare for urimelege avgjerdar i einskilde tilfelle. Avgrensing av regelen si rekkjevidde bør dermed avgjera i praksis.¹⁸²

Etter alminneleg skadebotrett er det tilstrekkeleg at den skadevaldande handlinga som dannar grunnlag for krav om skadebot er aktlaus. Verken overlegg, forsett eller grov aktløysa er naudsynt for å etablira eit skadebotansvar, samt at det ikkje er eit vilkår at handlinga er straffbar, i motsetning til valdsofferskadebotlova.

4.1.2. Personskade.

I skadebotretten generelt tyda omgrepet personskade både fysisk og psykisk skade. Det føreligg inga grense for kva type personskade det kan krevjast skadebot for så lenge vilkåra for skadebotansvar er oppfylt. I skl § 3-1 brukar ein omgrepet ”skade på person”, og i dette ligg både fysiske og psykiske forhold. Dette tydar at også rein psykisk skade er skadebotrettsleg verna.¹⁸³ Omgrepet personskade er at det først og fremst er den som har skade på kropp eller helsa, eller som sjølv er krenkja som har krav på skadebot etter skl § 3-1. Det same må gjelde etter valdsofferskadebotlova, jf § 1.

¹⁷⁷ Ot.prp.nr. 10 (2007-2008) s. 5

¹⁷⁸ I Sundredommen (Rt. 1922 s. 73) er valdsomgrepet forstått som ”en hvilken som helst kraftanvendelse stor eller liten mot en person for å overvinne en hindring eller motstand etter å tvinge.”.

¹⁷⁹ Ot.prp.nr. 4 (2000-2001) s. 7.

¹⁸⁰ *Ibid* s. 7.

¹⁸¹ Schönnings 1991 s. 24.

¹⁸² *Ibid* s. 14.

¹⁸³ Syse, Kjelland og Jørstad s. 311.

4.2. Personkrins

4.2.1. Direkte skadelidt

For å vera omfatta av valdsofferskadebotordninga er det i utgangspunktet eit krav at den straffbare handlinga må vera retta mot eigen person, jf voerstl § 1. Etter juridisk teori er den personen som handlinga er retta mot vorte omtala som ”bæreren av det ved handlinga krenkede rettsgode”. For einskilde vil denne formuleringa gi ein retningsgjevande peikepinn for kva personkrets det er snakk om.¹⁸⁴

Det fylgjer av voerstl 1 fyrste stykke fyrste punktum at det i utgangspunktet er den som er strafferettsleg fornærma som har rett til valdsofferskadebot. Erstatningsnemnda for valdsofre har i avgjerd ENV-2012-1686 uttalt at loven sin ordlyd føreset at den skadelidne er påført ein personskade som fylje av ei straffbar handling som nemnd i regelen, og dermed inneber ein slik nærleik i årsakssamanheng at valdshandlinga må verta retta mot søker, jf. Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 18.

I nokre tilfelle kan likevel ein person som ikkje sjølv er strafferettsleg fornærma reknast som skadelidt i samsvar til voerstl § 1. Etter alminnelege skadebotrettslege reglar kan det unntaksvis tilkjennast skadebot til andre enn den primært skadelidne når desse er påført psykisk skade som fylje av den same handlinga.¹⁸⁵ Nemnda legg dette til grunn i sin praksis.¹⁸⁶ Valdsofferskadebotordninga samsvarar dermed med alminneleg skadebotrett.

Etter praksis frå nemnda er det i seinare tid vorte opna for at andre enn den som er strafferettsleg fornærma i ”særlege tilfeller” kan reknast som direkte skadelidt etter voerstl § 1 og valdsofferskadebotforskrifta § 1, og dermed tilkjennast skadebot.¹⁸⁷ Ved vurderinga om det føreligg eit særleg tilfelle har nemnda lagt særleg vekt på graden av skyld hjå skadevaldar, om den straffbare handlinga har vore særleg eigna til å påføra søker eit psykisk traume, om det er konstatert årsakssamanheng mellom den straffbare handlinga og traumet, og om dette er ei pårekneleg fylgje av den skadevaldande handlinga. I påreknelegskapsvurderinga legg

¹⁸⁴ Brath s. 52.

¹⁸⁵ Til døme Rt. 1960 s. 357, Rt. 1966 s. 163 og Rt. 1985 s. 1011.

¹⁸⁶ Til døme ENV-2012-1686.

¹⁸⁷ Til døme ENV-2009-186 og ENV-2013-325.

nemnda særleg vekt på kor nært søker er knytt til den som er fornærma i strafferettsleg forstand og kor nært søker er til den straffbare handlinga.¹⁸⁸ Etter lang og varig praksis frå nemnda er det lagt avgjerande vekt på i kor stor grad handlinga har vore retta mot søker sjølv.¹⁸⁹

I ENV-2013-325 var søker vitne til at hennar sambuar vart utsett for eit drapsforsøk ved å verte skoten i beinet. Drapsforsøket var ikkje retta mot søker sjølv, som dermed ikkje vart rekna som strafferettsleg fornærma. Spørsmålet er om søker kunne tilkjennast valdsofferskadebot sjølv om ho ikkje var strafferettsleg fornærma. I den samband var det eit særskild moment kor knytt søker var til den som var strafferettsleg fornærma, og kor nærmere ho var knytt til den straffbare handlinga. Ved at søker var augnevitne til at sambuaren vart skoten, kom nemnda til at det førelåg årsakssamanheng mellom den straffbare handlinga og dei psykiske skadene søker hadde pådratt seg, og at dette var ei pårekneleg fylje av den straffbare handlinga. Søker var og i nær relasjon til personen som var strafferettsleg fornærma, og var stadleg nær sjølve handlinga. Nemnda fant å gjera unntak frå hovudregelen i voerstl § 1, og søker vart sett som direkte skadelidt.

I nyare avgjelder frå nemnda er det opna for ein utvida personkrins som kan tilkjennast skadebot, til tross for at nærliek til den skadevaldande handling ikkje er oppfylt. I avgjerd ENV-2008-1698 fant nemnda at søker kunne reknast som skadelidt til tross for at ho ikkje var til stades då den straffbare handlinga vart volda. Fleirtalet i nemnda la avgjerande vekt på at den strafferettlege fornærma var søkeren si dotter, og at ho vart drepen under slike omstende som reknast å vera særleg egna til å påføre søker eit psykisk traume. Det vart vidare vist til handlinga sin art og at drapet sto fram som uforklarleg. Dei same momenta er vektlagt i seinare avgjelder frå nemnda.¹⁹⁰

Ved at nemnda finn at søker er direkte skadelidt til tross for at han ikkje er strafferettsleg fornærma, oppstår det ei utviding av den alminnelege skadebotrett. Søkeren, som i utgangspunktet er ein utanforståande tredjemann, får same rett til skadebot som berre den strafferettsleg fornærma i utgangspunktet har rett til. Likevel vil det stå fram som særleg urimeleg dersom søkeren, til tross for at dei alminnelege skadebotrettslege vilkår er oppfylt,

¹⁸⁸ ENV-2010-1792 og ENV-2008-1698.

¹⁸⁹ ENV-2008-1698.

¹⁹⁰ Til døme ENV-2010-1792.

skal avskjerast frå å få sitt tap dekkja gjennom valdsofferskadebotordninga berre fordi han ikkje reknast som strafferettsleg fornærma. Dette omsynet talar for at ei utviding av voerstl § 1 er rettmessig.

I dei tilfella kor ein person er vorte påført ein skade, kan den også ha den sideverknad eller avleidde verknad at andre (indirekte skadelidne) kan verta påført eit tap av forskjellig art.¹⁹¹ Rettspraksisen på kven som er indirekte skadelidt er snever, då problemstillinga er lite behandla i rettslitteraturen. Vurderinga om ein person kan reknast som indirekte skadelidt, må dermed vurderast konkret i kvart tilfelle.

Skadebotlova sine reglar løyer ikkje spørsmålet om i kva utstrekning andre personar enn den som er direkte skadelidt har rett til skadebot. Oppfatninga i praksis har vore at det kun er den som er direkte skadelidt som kan krevje skadebot ved personskade, men at det etter omstende også kan krevjast skadebot for etterlatne og pårørande sitt tap.¹⁹² Denne personkrinsen vert utførleg drøfta i dei fyljande punkt.

4.2.2. Etterlatne.

Valdsofferskadebotlova § 1 fyrste stykke har vorte tolka slik at personar lengre ut i årsaksrekka enn den som er strafferettsleg fornærma, er rettkomen til skadebot dersom dei fell under regelen i voerstl § 7.

Etter valdsofferskadebotlova § 7 tredje stykke har avlidne sin ektefelle, sambuar, born og foreldre rett til skadebot ved dødsfall. Omgrepene ”ektefelle” skal forståast på same måte som etter lov om ekteskap av 4. juli 1991 nr. 47. Omgrepene ”sambuar” skal forståast på same måte som etter lov om arv m.m. av 3. mars 1972 nr. 5 § 28 a. Omgrepene ”born” og ”foreldra” skal forståast på same måte som etter lov om barn og foreldre av 8. april 1981 nr. 7 kapittel 2 og lov om adopsjon av 28. februar 1986 nr. 8 § 13.

Det er i praksis lagt til grunn at voerstl § 7 uttømmende regulerar skadebot til etterlatne, slik at det ikkje føreligg nokon heimel for å tilkjenne skadebot utover det som er nemnt i denne

¹⁹¹ Nygaard, Skade og ansvar (2000) s. 87.

¹⁹² Lødrup s. 509-511.

regelen. Denne problemstillinga har reist seg i nyare praksis frå nemnda i samband med steforeldre og steborn.

I ENV-2013-2074 hadde søker fått psykisk skade som fylje av at hennar stefar vart drepen. Nemnda viste til Høgsterett sin avgjerd Rt. 2013 s. 805, kor spørsmålet var om steborn var rettkomen til skadebot etter skl § 3-5 andre stykke. Fyrstvoterande viste til at spørsmålet om kva slags personkrins som skal kunne tilkjennast oppreisning etter skl § 3-5 andre stykke har vorte grundig vurdert av lovgjevar, og at utveljinga skyldast eit bevisst val, noko som får betying for om ”steborn” kan reknast som omfatta av regelen. Fyrstvoterande la til grunn at eit krav om oppreisning må verta forankra i lov. Nemnda uttala at dette også må gjelde for den personkrins som er opplista i voerstl § 7 tredje stykke. Det er på det reine at omgrepet ”steborn” fell utanfor ei naturleg tolking av lova si ordlyd, og at kravet ikkje er forankra i lov. Søker vart dermed ikkje omfatta av den personkrinsen som har rett til valdsofferskadebot.

Avgjerala ENV-2013-1272 hadde søker fått psykiske skader som fylgje av at hans stedotter vart skoten og drepen under terrorangrepet på Utøya 22. juli 2011. Nemnda viste til same avgjerd frå Høgsterett (Rt. 2013 s. 805), og kom til at voerstl § 7 tredje stykke må tolkast på same måte som skl § 3-5 andre stykke. Nemnda la vekt på at regelen i voerstl § 7 tredje stykke gjev ein uttømmande oppramsing av den personkrinsen av etterlatne som kan krevje valdsofferskadebot, samt at skjønnsmessige avgjerdar basert på nærleik mellom etterlatne og avlidne vil opne for ei rekke uklåre grensetilfelle. Nemnda rekna at søker ikkje var omfatta av personkrinsen i voerstl § 7 tredje stykke.

Problematikken som reiser seg kring steforeldre og steborn er at rettsutviklinga ikkje fylgjer i tråd med samfunnsutviklinga. I dag er det vanleg med ”utvida” familieomgrep, kor mor og far finn seg nye partnarar med eigne familiar. Ved samliv av ein viss varigheit vil det verta knytt familieband mellom steforeldre og steborn. Tilknytinga til den avlidne er slik at det har vore ei langvarig og nært tilknyting mellom han og det etterlatne stebornet eller steforelderen. Det kan synast rimeleg å tilkjenne valdsofferskadebot ved dødsfallet. Rettspraksis talar for at dette ikkje er mogleg så lenge retten til valdsofferskadebot for desse ikkje er heimla i lov.

Det går fram av voerstl § 7 tredje stykke siste punktum at sysken i ”særlege tilfelle” kan tilkjennast skadebot. Sysken har etter dette ikkje eit rettskrav på skadebot etter valdsofferskadebotlova, jf bruken av omgrepet ”kan”.

Regelen om skadebot til sysken vert innført ved endringslova i 2008. I førearbeida er det ikkje gjeve føringar på kva slags moment som skal takast med i vurderinga om det føreligg eit særleg tilfelle.

I høyringsnotatet vart det uttala kva gjaldt økonomisk tap til etterlatne sine sysken at særlege tilfeller vil kunne vera aktuelt der born og ungdom vert drepen, og sysken er nøydt til å avbryte utdanning som fylje av eigen personskade knytt til dødsfallet.¹⁹³ Nemnda har i sin praksis, under dette ENV-2011-1000, ved vurderinga av kva som eit ”særleg tilfelle” sett på søker sin alder, nærleik til den straffbare handlinga, forholdet til avlidne og kor vidt søker er påført ein personskade som fylje av hendinga. Nemnda har vidare sett på praksis ved saksførehald kor det tilkjennast valdsofferskadebot sjølv om det ikkje er søkeren sjølv som er strafferettsleg fornærma, under dette Hauketo-dommen.¹⁹⁴

Eit eksempel er nemnda sin avgjerd ENV-2012-1676, kor søker si syster vart drepen av bombeeksplosjonen i Regjeringskvartalet 22. juli 2011. Nemnda la vekt på at søker si syster vart drepen under svært dramatiske omstende, og at søker fekk psykiske vanskar. Søker var ikkje vitne til handlinga, men nemnda uttala at ut frå mediedekninga og omtala hendinga fekk i tida rundt og seinare måtte det leggjast til grunn at søker hadde fått eit meir påtrengande inntrykk av hendinga enn det som ofte vil gjelda i andre drapssaker. Det måtte vidare rekna at handlinga var særleg eigna til å påføre søker eit psykisk traume og hennar psykiske vanskar var ei pårekneleg fylge av måten syster hennar vart drepen på. Nemnda rekna etter dette at det låg føre slike særlege grunnar som tilsa at søker burde tilkjennast skadebot.

Problemstillinga vedrørande stesysken har per dags dato ikkje vorte behandla i nemnda. Det er likevel rimeleg å anta at dei same prinsippa som gjer seg gjeldande for steborn og steforeldre vil koma til bruk på stesysken, slik at desse ikkje vil verte omfatta av personkrinsen i voerstl § 7 tredje stykke.

Det avgjerande for at etterlatne kan tilkjennast skadebot, er at dødsfallet skyldast ei straffbar handling som fell under voerstl § 1.¹⁹⁵ Til dømes ENV-2008-2971, kor nemnda ikkje fant det

¹⁹³ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 17.

¹⁹⁴ ENV-2012-1676 med henvisning til Rt. 1985 s. 1011.

¹⁹⁵ Brath s. 131.

godtgjort med klår overvekt av sannsyn at søker sin far døde som fylgje av ei straffbar handling som vert omfatta av voldsofferskadebotlova § 1. Nemnda viste til tingretten si avgjerd kor det vart uttala at det var atskillig meir enn ein teoretisk moglegheit for at søker sin far kunne ha fått i seg heroin utan at oppgitt skadevaldar visste om det. Nemnda viste vidare til at unnlatingshandlingar som fell under straffelova § 242 ikkje vert omfatta av voldsofferskadebotlova § 1, då handlinga ikkje ber preg av vald eller tvang. Søker vart dermed ikkje tilkjent skadebot.

Ved dødsfall har etterlatne rett til skadebot for økonomisk tap som fylgje av personskade etter reglane i voerstl § 4, jf § 7 tredje stykke første punktum. Det er ikkje krav om personskade for å tilkjenne etterlatne oppreisning etter reglane i voerstl § 6, jf § 7 tredje stykke andre punktum. Dette vil bli drøfta meir utførleg i kapittel 5 om utmåling.

Det er rimeleg at den ovannemnte persongruppa har rett på valdsofferskadebot når dei har fått ein personskade som fylgje av at det er nærståande som har vorte drepen ved ei straffbar valdshandling.¹⁹⁶ Krinsen av personar som er rettkomen er likevel snevrare etter valdsofferskadebotlova enn til dømes arvelova, kor besteforeldre eller livsarvingar etter dei, under dette barn og barnebarn, kan vere rettkomen til arv, jf al § 3.

Etter skl § 3-5 kan den som forsettleg eller grovt aktlaust har volda ein annans død påleggjas å betale avlidnes ektefelle, sambuar, born eller foreldre skadebot. Alminneleg skadebotrett er ikkje utvetydig klår på om etterlatne har krav på skadebot frå skadevaldaren. Dette vil avhenge av domstolen si konkrete vurdering. Valdsofferskadebotordninga går dermed lengre enn allminneleg skadebotrett i desse tilfella.

Sysken er ikkje nemnt i skl § 3-5, og er soleis ikkje rettkomen til skadebot etter alminneleg skadebotrett. Ved at valdsofferskadebotlova har opna for å tilkjenne skadebot til sysken i særlege tilfelle, dekkjer valdsofferskadebotordninga meir enn det skadevaldar plikter å dekkje.¹⁹⁷

¹⁹⁶ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 18.

¹⁹⁷ *Ibid* s. 18.

4.2.3. Pårørande.

Voerstl § 7 andre stykke gir kun rett til skadebot for ektefelle, sambuar, born eller foreldre til den som er død som fylge av ei straffbar handling. Utgangspunktet etter dagen sin valdsofferskadebotordning er at det kun er i det tilfellet at den som er strafferettsleg fornærma dør som fylje av ei straffbar handling at det kan ytast skadebot til desse. Dette fyljer av naturleg språkleg forståing av omgrepene ”etterlatne”.

Regelen omfattar ikkje dei tilfella der den strafferettsleg fornærma overlever den straffbare hendinga. Ei slik ansvarshending kan involvera skadelidne sine pårørande. Søkjar må for eksempel ta seg særskild av sitt barn, sambuar eller ektefelle som har vorte utsett for ei straffbar handling, og vert av den grunn påført eit tap som fylje av hendinga. Føresetnaden er at dei pårørande ikkje sjølv er vorte påført ein fysisk eller psykisk skade som fylje av hendinga, slik at dei ikkje kan reknast som direkte skadelidt etter voerstl § 1. Det klåre utgangspunkt er likevel at pårørande fell utanfor valdsofferskadebotordninga.¹⁹⁸

I dei tilfella kor den strafferettsleg fornærma overlever, opnar alminneleg skadebotrett unntaksvis for at pårørande kan tilkjennast skadebot frå skadevaldaren. Til dømes Sykebesøkdommen¹⁹⁹, kor det går ”ein raud tråd” i retten si vurdering av kva for ein tredjemann som er rettkomen til skadebot.

Skadelidne, ein vest-tysk statsborgar, vart alvorleg skada i ei bilulukke i Noreg, og sjukehuset krevja at dei pårørande, under dette skadelidne sine foreldre, forlovede og syster, kom til Noreg. Primærskadelidne krevja skadebot for tredjeperson sine meirutgifter til reise. Retten føretok ei heilsakeleg vurdering av dei einskilde pårørande si betyding for lækarprosessen til skadelidne. Foreldra bidrog med relevante opplysningar i samband med behandlinga av skadelidne, og dei vart tilkjent skadebot for meirutgiftene. Forlovede si tilstedeværing kunne ha betyding for skadelidne sin lækingsprosess, samt at ho fekk funksjon som fyljande personell under transporten attende til Tyskland, og ho vart soleis tilkjent skadebot for meirutgiftar. Kontrasten finn ein i vurderinga av systera si tilknyting til skadelidne. Retten uttalar at hennar sitt ”nærvær ikke kunne være av vesentlig betydning for behandlinga”.²⁰⁰ Ho

¹⁹⁸ Brath s. 52.

¹⁹⁹ Rt. 1975 s. 670.

²⁰⁰ *Ibid* s. 672.

vart dermed ikkje tilkjent skadebot. Dommen visar at vurderinga er konkret og individuell, og at familie- og slektskapsposisjon i seg sjølv ikkje er avgjerande for om tilknytingskravet er oppfylt.

Det er høve til å nytte voerstl § 7 analogisk overfor pårørande.²⁰¹ I forarbeida vart det lagt til grunn at dei ulovfesta skadebotretslege prinsippa om at det må føreligge adekvat årsakssamanheng gjer seg gjeldande. Nemnda har uttalt at dette kun kjem til bruk i heilt spesielle tilfelle, kor handlinga sin objektive grovskap og skadeomfang er særskild alvorleg.²⁰² Andre relevante moment vil vera grad av skyld hjå skadevaldar, om den skadevaldande handling har vore særleg eigna til å påføre søker eit psykisk traume samt om det føreligg pårekneleg årsakssamanheng mellom den straffbare handling og søker sin traume.

Det går fram av forarbeida til voerstl § 7 at lovgjevar ynskja å vise til alminneleg skadebotrett om dekning av pårørande sine tap. Ved å tilkjenne valdsofferskadebot i same utstrekning som den gjer etter alminneleg skadebotrett, vert valdsofferskadebotordninga knytt tettare opp mot skadevaldaren sitt ansvar etter alminneleg skadebotrett.²⁰³ Dei ulovfesta alminnelege skadebotretslege prinsipp om at det må føreligga ein tilstrekkeleg nær og pårekneleg årsakssamanheng mellom skaden og det økonomiske tapet på den eine sida og den ansvarsgivande handling på den andre sida, set avgrensingar på både kven som kan tilkjennast skadebot og kva postar. Krava gjer seg og gjeldande i forhold til den/dei som er direkte skadelidt, men som utgangspunkt står pårørande lengre ute i årsaksrekka, og av den grunn vil det få betydning for vurderinga om det skal tilkjennast skadebot.

Det er to vilkår som må vera oppfylt for at pårørande skal vera rettkomen til skadebot. For det første må dei ha ei tilstrekkeleg nær tilknyting til direkte skadelidne, og for det andre må tapet vera innanfor det som er naudsynt og rimeleg å gi skadebot for.²⁰⁴

I tilknytingskravet må det vera ein tilstrekkeleg nær personleg relasjon mellom den direkte skadelidne og den pårørande. I ENV- 2009-186 vert det uttalt at ”det er et relevant moment hvor nært søker er knyttet til den strafferettlig fornærmede”. Omgrepene er skjønnsmessig.

²⁰¹ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 18-19.

²⁰² ENV-2014-24

²⁰³ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 19.

²⁰⁴ Syse, Kjelland og Jørstad s. 536.

Verken rettspraksis eller andre rettskjelder gjev ei presis nemning av innhaldet i tilknytingskravet, men ei gjengs oppfatning har vore at den pårørende har ei så nær tilknyting at ein har betyding for lækjarprosessen. Tilstrekkeleg nær tilknyting vil normalt vera den direkte skadelidne sin nærmaste familie, under dette ektefelle, sambuar og born.²⁰⁵

Det må trekkjast ei grense mot perifere tredjepersonar, altså dei som ikkje er i tilstrekkeleg nærleik til den direkte skadelidne. Dette beror på ei heilskafeleg vurdering av kor stor betyding tredjepersonen har for direkte skadelidne sin rehabiliteringsprosess.²⁰⁶ Dette er omtala i NOU 1994:20. Lødrup-utvalet formulerte at det ”ikke er tilstrekkelig at venner og pårørende har et ønske om å bistå hvis dette altså ikke kan knyttes til en medisinsk eller pleiefaglig bistand”.²⁰⁷ Konklusjonen av det vert at fjern slekt, eller vener som før og etter skaden har hatt mindre kontakt med den skadelidne, ikkje vil oppfylle kravet om tilknyting. Desse vil dermed ikkje vere rettkomen til skadebot.

I tillegg til at tilknytingskravet er oppfylt, må tapet ligga innanfor det som er ”naudsynt og rimeleg”²⁰⁸ for å verta tilkjent skadebot. Då ”naudsynt og rimeleg” går på utmålingsreglane, vil punktet verta behandla under kapittel 5 om utmåling.

²⁰⁵ *Ibid* s. 536-537.

²⁰⁶ *Ibid* s. 538.

²⁰⁷ NOU 1994:20 Personskaderstatning s. 44.

²⁰⁸ Mi kursivering.

4.3. Endring av praksis frå nemnda.

I avgjerd ENV-2014-24 vart søker påført ein psykisk skade etter at hennar dotter og niese vart utsett for seksuelle overgrep. Det vart uttalt frå nemnda at pårørande kun kan tilkjennast skadebot i den utstrekning den pårørande etter ei analogisk tolking vart omfatta av voerstl § 7 tredje stykke fyrste setning, jf voerstl § 4. I avgjerala vart det konkludert med at det ikkje var grunnlag for å la valdofferskadebotordninga omfatta personskadar påført søker, under dette som pårørande, på same måte som etterlatne er vorte gjeve eit skadebotrettsleg vern etter voerstl § 7 tredje stykke fyrste setning. Nemnda konkluderte med at det ikkje førelåg ekstraordinære omstendigheitar, slik som i ENV-2009-186 kor søker si dotter vart utsett for eit særleg bestialsk overgrep omfatta av straffelova § 192 og skadevaldar vart idømt 21 år forvaring, utover påkjenningar som ein med rimelegheit kan rekne med ved denne type straffbar handling. I tillegg vart det vist til at det ikkje førelåg nærleik i handlinga, verken i tid eller sted, og at det ikkje førelåg adekvat årsakssamanheng mellom den skadevaldande handlinga retta mot søker si dotter og niese og søker sitt påførte tap.

Nemnda viste til at voerstl § 7 regulerar etterlatne sin rett til valdofferskadebot, og at deira rettigheitar vart utvida til også å omfatte økonomisk tap etter voerstl § 4 ved lovendringa i 2008. Dei fant at etterlatne sin rett var uttømmande regulert gjennom § 7, slik at dei ikkje lengre kan sjåast som direkte skadelidne gjennom § 1, kun i eigenskap av å vera etterlatne. Nemnda uttala at det ville stride mot den alminnelege rettskjensla om pårørande har eit sterkare skadebotrettsleg vern enn etterlatne. På denne bakgrunn reknar nemnda at pårørande kun kan tilkjennast valdofferskadebot i den utstrekning dei etter ei analogisk tolking er omfatta av voerstl § 7 tredje ledd fyrste setning, jf § 4.

Avgjerala signaliserar at nemnda har endring i praksis, slik at den er i betre samsvar med lova sine førearbeid. Sjølv om endringane allereie førelåg ved endringslova i 2008, har ikkje nemnda nytta seg av førearbeida sin ordlyd før no. Dette tydar på at nemnda ynskjer å knytte pårørande sin rettskap tettare opp mot etterlatne, slik at praksis samsvarar betre med lovgjevar sin intensjon.

Kapittel 5. Utmåling av skadebot.

5.1. Innleiing.

I alminneleg skadebotrett kan det ved personskade gjevast skadebot for økonomisk og ikkje-økonomisk tap. Etter voerstl § 7 tredje stykke har etterlatne, under dette ektefelle, sambuar, born og foreldre, krav på skadebot etter voerstl § 4. Denne utvida skadebotretten kjem i tillegg til etterlatne sine utgifter i samband med dødsfallet, jf voerstl § 7 andre stykke.

Omsynet med bestemminga i voerstl § 7 tredje stykke, var å styrke etterlatne sitt skadebotvern og knytte reglane tettare opp mot dei alminnelege reglane i voerstl § 4 om skadebot for økonomisk tap. Voerstl § 4 svarar til skl § 3-1, men reglane er vorte gjentatt slik at dei er vorte tilpassa samanhengen i valdsofferskadebotlova.²⁰⁹

Utmålingsreglane i valdsofferskadebotlova er knytt opp mot reglane i skl. Kap. 3. Etter voerstl § 10 skal det ikkje føretakast lemping eller føretakast reduksjon i utbetaling av valdsofferskadebota, på grunnlag av skadevaldaren sin alder og den ansvarlege sin økonomi, som det er høve til i skl §§ 1-1, 1-3 og 5-2.

Justisdepartementet har lagt til grunn at bestemminga i voerstl § 10 andre stykke kun er ei lovfesting av valdsofferskadebotmyndigheita sin praksis. Dette inneber at offeret skal ha full skadebot gjennom valdsofferskadebotordninga sjølv om skadevaldaren sitt ansvar skulle ha vorte redusert på grunnlag av at skadevaldar var mindreårig, medvitlaus eller forstyrra av sinnstilstanden eller på grunnlag av at retten finn etter omstendigheitane at det er urimeleg tyngande for den ansvarlege, jf skl § 5-2. Valdsofferskadebota kan kun setjast ned på grunnlag av skadelidne sin medverknad, jf skl § 5-1.²¹⁰

Domstolen sine avgjerdar i dei konkrete sakane har ikkje rettskraftsverknad forhold til valdsofferskadebotmyndigheitane. Domstolane kan ta stilling til kva skadebot skadevaldaren skal betale, men valdsofferskadebotmyndigheitane tek stilling til kva skadebot skadelidt får tilkjent frå staten.²¹¹ Praksis etter skadebotlova vil uansett ha betyding for valdsofferskadebotmyndigheita sine vurderingar.

²⁰⁹ Brath s. 130.

²¹⁰ Brath s. 148.

²¹¹ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 29.

Voerstl § 7 svarar til skl §§ 3-4 og 3-5 andre stykke, og oppstiller kva valdsofferskadebot etterlatne og pårørande kan få dekkja. Regelen er uttømmende.²¹² Eit eksempel på dette er at avlidne sine foreldre ikkje har krav på dekning av inntektstap, sjølv om dette er vorte tilkjent i straffesaka. Etterlatne sitt økonomiske tap er dei som er pådratt som fylje av å mista ein forsytar, samt utgifter som er pålaupt i samband med dødsfallet, jf skl § 3-4. Ikkje-økonomisk tap vert tilkjent i form av oppreisning, jf skl § 3-5.²¹³

5.2. Økonomisk tap.

På grunnlag av at voerstl § 4 svarar til skl § 3-1, er det ikkje kun utgifter som den skadelidne sjølv har hatt eller vil få, som ein kan krevja etter skl § 3-1. Utgifter som er knytt til etterlatne vil vera gjenstand for skadebot dersom dei andre vilkåra er stetta. Det kan ytast skadebot til den etterlatne, for både lidt og framtidig inntektstap. I tillegg vert det ytt skadebot for konkrete utgifter som til dømes hjelpemiddel, behandlingsutgifter og transport.²¹⁴ For det andre føreligg det eit krav for andre enn den skadelidne at utgifta må vera naudsynt og rimeleg.

²¹² *Ibid* s. 18.

²¹³ Skadebot for mein vert ikkje dekkja, då skadelidne må sjølv vera skada, jf skl § 3-2.

²¹⁴ NOU 1994:20 punkt 4.1.5.8.

5.2.1. Tapet er naudsynt og rimeleg.

I Hagbergdommen vart dette oppstilt som det andre grunnvilkår for å verta tilkjent skadebot. Fyrstvoterande sa; ”Forutsetningen for at tredjepersons tap skal være erstatningsrettslig vernet, er at vedkommende tredjeperson har en tilstrekkelig nær tilknytning til den direkte skadelidte, og at det tap som kreves erstattet, ligger innenfor det som er nødvendig og rimelig å erstatte.”.²¹⁵

Synspunktet finn ein att i praksis frå nemnda.²¹⁶ Omgrepene ”naudsynt og rimeleg” vert nytta som ein avgrensingsregel i den konkrete utmålinga. Dermed er det både ein vilkårsregel og omfangsregel, som har ein dobbel funksjon i læra om tredjemannstap ved personskade. I likskap med nærliekskriteriet under tilknytingskravet, tilvisar omgrepene ”naudsynt og rimeleg” til ei heilskapeleg vurdering, kor det sentrale vurderingstemaet er skadelidne sitt behov. Retten til tredjemann sin skadebot er avhengig av at vilkåret har eit visst omfang, som overstig det vanlege familiære og reint sosiale samværet.

5.2.2. Tap av forsytar.

Hovudregelen er at skadelidne skal tilkjennast full skadebot for sitt økonomiske tap. For personskadar fyljer dette av skadebotlova § 3-1 første stykke, som er eit utslag av alminnelege skadebotrettslege prinsipp. Det går fram av Ølbergdommen at kjernen i skadebotretten er at skadelidne ikkje skal koma därlegare ut med skaden enn utan.²¹⁷ Bak prinsippet om full skadebot ligg omsynet til gjenoppretting.²¹⁸ Vidare kvilar prinsippet på omsynet til prevensjon, då reglane for skadebot skal fremja aktsemd.²¹⁹ Prinsippet gjeld og etter valdsofferskadebotordninga.²²⁰

²¹⁵ Rt. 2010 s. 1153 avsnitt 37.

²¹⁶ Til illustrasjon; ENV-2013-2765, ENV- 2013-2759 og ENV-2013-2577.

²¹⁷ Rt. 1993 s.1524.

²¹⁸ Lødrup s. 79.

²¹⁹ *Ibid* s. 86.

²²⁰ Schønning s. 20 og s. 90.

Etter prinsippa i forarbeida til skadebotlova forutset det at lova og vil gjelde for tap av forsytar i tillegg til den som er strafferettsleg fornærma.²²¹ Då valdsofferskadebotlova er knytt opp mot skadebotlova, reknar ein at det same må gjelde for tap av forsytar etter voerstl. Dette vert underbygd ved at voerstl § 7 tilsvrar i hovudsak til skl §§ 3-4 og 3-5 andre stykke, og at ordlyden er vorte tilpassa samanhengen i voldsofferskadebotlova.²²² I utgangspunktet legg voerstl § 7 opp til at utmålinga av tap av forsytar skal fylje dei alminnelege skadebotrettslege prinsipp.²²³ Til døme ENV-2009-1773; ”Retten har tilkjent dette under henvisning til skadeserstatningsloven § 3-4, som er identisk med ordlyden i voldsoffererstatningsloven § 7”. Det er tapet av ein forsytar, som vert målt i pengar, som er gjenstand for skadebot. Bestemminga tilvisar ikkje nokon form for ”dødsfallskadebot”. Dette tapet kan vera mindre enn det faktiske tapet etterlatne er pådratt ved dødsfallet.²²⁴

Føresetnad for å verte tilkjent skadebot er at den etterlatne ”*heilt eller delvis*”²²⁵ vart forsørgja av avlidne. Det avgjerande er om det føreligg ei faktisk forsyting eller at ein kunne pårekne slik forsyting i nær framtid, jf voerstl § 7 fyrste stykke og skl § 3-4 fyrste stykke fyrste punktum. Dette fyljer og av valdsofferskadebotforskrifta § 1 tredje stykke. Ein må først fastslå kva som ligg i faktisk forsyting.

Etter forskrifta § 1 tredje stykke, krev ein ikkje at det låg føre eit faktisk forsytarforhold på dødsfalltidspunktet, men ei lovbestemt plikt til forsyting.²²⁶ Det er søkeren som må leggje fram prov for at han har eit økonomisk tap som fylje av at forsytaren er død, eller må gjera sannsynleg at han ville verta forsyta.²²⁷ Etter voerstl § 7 er det avgjerande kven som faktisk vart forsyta av avlidne då han døde. Krinsen av etterlatne som kan få skadebot er dermed snevrare etter forskrifta enn etter valdsofferskadebotlova.

Forsytarplikta må som hovudregel ha liggja føre ved dødsfallet, jf Rt. 2002 s. 673.

Fyrstvoterande uttala ”Bestemmelsens første ledd knytter stillingen som erstatningsberettiget til den faktiske forsøring ved dødsfallet.”

²²¹ Ot.prp.nr.4 (1972-1973) s. 5.

²²² Sml. presiseringa i Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 45.

²²³ Brath s. 130.

²²⁴ Jf blant anna Svanevikdommen (Rt. 1976 s. 1302).

²²⁵ Mi kursivering.

²²⁶ Schønnning s. 53.

²²⁷ *Ibid* s. 53.

Det er ikkje eit krav at den avlidne hadde ei rettsleg forplikting til forsyrging av den/dei etterlatne, jf Rt. 1922 s. 747. Konsekvensen er at ein vidare krins enn avlidne sin ektefelle og born kan ha rett på forsyrtapsskadebot. Noko som inneber at foreldre, sambuar, sysken, slektingar, vene, fosterborn med fleire kan krevje forsyrtapsskadebot, med føresetnaden om at ein faktisk vart forsyta av den avlidne.²²⁸ På den andre sida har ein ikkje krav på forsytaraskadebot dersom avlidne, på tross av sin rettslege plikt, ikkje reint faktisk ytte til forsytinga.

Det føreligg visse kvalifikasjonskrav til forsytinga av avlidne, for at dette skal kunne karakteriserast som ”forsyting” i skadebotrettsleg forstand. Forsytinga må vera av eit større omfang enn ”bagatellmessig”.²²⁹ Dette fyljer av forsytaromgrepet etter voerstl § 7, jf skl § 3-4, samt har støtte i rettspraksis²³⁰, juridisk teori²³¹ og praksis frå nemnda.

Voerstl § 7 fyrste stykke andre punktum gjer seg gjeldande i dei tilfella kor avdøde har born. Regelen er ein ”kan” regel, og gjev ikkje rettskrav på skadebot.²³²

Ved utmåling av skadebot er formålet at etterlatne skal kunne oppretthalde sin normale levestandar.²³³ Forhold som skal takast omsyn til etter voerstl § 7 fyrste stykke ved utmålinga, er omfanget av forsytinga, den etterlatne sin moglegheit til sjølvforsyting. Herunder avlidne si inntekt i samsvar med familien sine totale utgifter, og gjenlevande sine eigne midlar. Forsyrtapet består og av forsyting i form av arbeid og omsorg i heimen.²³⁴

²²⁸ Brath s. 132.

²²⁹ *Ibid* s. 131.

²³⁰ Jf. Bergsageldommen (Rt. 1960 s. 357).

²³¹ Jf. Nils Nygaard, Skade og ansvar, 6. utgåve, Bergen 2007, s. 142.

²³² *Ibid* s. 132.

²³³ Brath s 131, jf Rt. 1998 s. 639 s. 643.

²³⁴ Rt.1998 s. 639 s. 647. Under dette Bastrup-tillegget.

5.2.3. Utgifter til dødsfallet.

Etterlatne skal få dekkja utgifter som dei har hatt i samband med gravferda, jf voerstl § 7 andre stykke. Dette er eit økonomisk tap som er påført som fylje av dødsfallet, og tap som skal dekkjast om dei skal få full skadebot. Utgiftene er ikkje eit fast beløp, men det som er vanleg å rekne med som fylje av gravferd, til dømes gravstein.²³⁵

Dersom det er *rimeleg* kan andre utgifter i høve dødsfallet verta dekkja, jf voerstl § 7 andre stykke. Det føreligg krav om årsakssamanheng, om at utgiftene må vera ein fylje av dødsfallet. Til illustrasjon ENV-2009-1773, om kausjonsansvar for avlidne sitt lån.

”Flertallet finner i likhet med Kontoret for voldsoffererstatning ikke at søkers utgifter i forbindelse med kausjonsansvaret har en slik nærhet til drapshandlingen at den faller innenfor hva voldsoffererstatningsordningen er ment å dekke.”

5.3. Ikkje-økonomisk tap.

5.3.1. Innleiing.

Oppreisning er skadebot for eit ikkje-økonomisk tap, og er skadebot for tort og smerte, og for annar krenking. Oppreisning har både ein preventiv og pønal funksjon, ved at den skal verke som straff for skadevaldar.²³⁶ Formålet med oppreisning er å gi ein økonomisk kompensasjon for dei lidingane som er vorte påført skadelidne.²³⁷ Oppreisning vert rekna som ein ”plaster på såret”-funksjon.²³⁸

5.3.2. Vilkåra for oppreisning.

Den som forsetteleg eller grovt aktlaust har voldt ein annar sin død, kan påleggjast til å betale oppreisning med ein eingongssum som retten finn rimeleg, jf skl § 3-5 andre stykke, jf fyrste

²³⁵ Brath s. 133 pkt 7.2.1.

²³⁶ Rt. 2005 s. 104 avsnitt 34.

²³⁷ Brath s. 118.

²³⁸ Nygaard, Skade og ansvar (2007) s. 165.

stykke. Skadevaldaren er personleg ansvarleg, og dermed kan ikkje ansvaret verta dekkja av ansvarsforsikring eller arbeidsgjevaransvar.²³⁹

Etter voerstl § 7 tredje stykke andre punktum, kan det tilkjennast oppreisning til avlidne sin ektefelle, sambuar, born eller foreldre, jf voerstl § 6. Regelen i voerstl § 6 svarar til skl § 3-5. Det går fram av voerstl § 7 tredje stykke tredje punktum at sysken av avlidne kan tilkjennast skadebot og oppreining. Kravet er at det ligg føre særlege grunnar, og at skadebot vert tilkjent i den utstrekning det vert funne rimeleg. Det er overlate til praksis frå nemnda å fastsetje regelen sitt nærmare innhald. I motsetning til skl § 3-5, der det går tydeleg fram at sysken ikkje kan tilkjennast oppreisning etter avlidne. Skadebotlova har dermed snevrare personkrins enn valdsofferskadebotordninga.

Skl § 3-5 andre stykke krev at den skadevaldande handling er forsetteleg eller grovt aktlaus. I sakar om valdsofferskadebot må ein sjå voerstl § 6 i samanheng med § 1, kor det er krav til handling og skyld. Den skadevaldande handling som resulterte i dødsfall, må ha vorte utført med forsett, eller ha preg av vald eller tvang.²⁴⁰

Skylda må knytte seg til den skadevaldande handling, jf alminneleg skadebotrett. I Akrbaridommen vart det konkludert at skadefyljene ikkje må falle inn under forsettet.²⁴¹ Då utmålingsreglane i valdsofferskadebotlova er knytt opp til skadebotlova, reknar ein at reglane og er gjeldande etter valdsofferskadebotlova.²⁴²

Oppreisning vert fastsett skjønnsmessig. Etter skl § 3-5 ”kan” oppreisning verta tilkjent. Etter praksis vert dette tolka som ein ”skal”-regel, dersom vilkåra for å tilkjenne oppreisning er oppfylt.²⁴³ Det generelle nivået på oppreisning har utkrystallisert seg gjennom praksis frå domstolane. Fastsetjing av oppreisninga er dynamisk i den samband at oppreisningsbeløpet gradvis er gjeve høgare beløp. Fastsetjinga av oppreisninga byggjer framleis på individuelle vurderingar, jf lovbestemminga sin ordlyd.

²³⁹ Rt. 1913 s. 619 s. 619.

²⁴⁰ Brath s.118 pkt 6.1.1, jf Lødrup s. 523.

²⁴¹ Rt. 1999 s. 887 s. 895.

²⁴² Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 29.

²⁴³ Lødrup s. 525.

Valdsofferskadebotmyndigheitane skal ta utgangspunktet i det generelle nivået på oppreisning som vert fastsett av domstolane,²⁴⁴ dette er og gjengs med praksis frå nemnda. Til dømes ENV-2004-339, kor nemnda uttalte ”Selv om nemnda ikke er bundet av rettens avgjørelse med hensyn til oppreisningens størrelse, er den et tungveiende moment”.

Valdsofferskadebotmyndigheita står fritt til å avgjera om oppreisning skal tilkjennast eller ikkje, jf ”kan”-regelen i voerstl § 6 og § 7 tredje stykke. Då reglane svarar til skl § 3-5, kan ein konkludera med at reglane vert praktisert som ”skal”-reglar.

5.4. Valdsofferskadebota si øvre grense.

Valdsofferskadebotlova oppstiller avgrensingar både oppad og nedetter for kor mykje det kan utbetalast i valdsofferskadebot. Etter voerstl § 11 er den øvre beløpsgrensa kroner 5 302 200.²⁴⁵ Beløpsgrensene gjeldande for straffbare handlingar gjort etter 1. januar 2011.

Etter forarbeida til voerstl var ei øvre grense føreslått for at staten skulle føresjå sine utgifter. Eit tak vil kunne forenkla saksbehandlinga i dei aller mest omfattande og kompliserte sakane.²⁴⁶

Korleis grensene for valdsofferskadebot skal setjast uttalte Justiskomiteen fyljande; ”For å være sikret en naturlig justering av grensen, anbefaler komiteen at den knyttes til grunnbeløpet i folketrygden”.²⁴⁷

Komiteen understreka at prinsippet om at alle skadelidne som oppfyller vilkåra for valdsofferskadebot, sikrast full skadebot. Dette samsvarar med prinsippet om full skadebot i alminneleg skadebotrett, og omsynet til gjenoppretting. Vidare bad komiteen om at utviklinga skulle fyljast nøyne, for å klårlegge om ein i det heile burde operere med ei grense.²⁴⁸

Grensa på 60 G i voerstl § 11 gjeld for kvart einskild skadetilfelle. Etter voerstl § 7 fjerde stykke er det bestemt at skadebot etter dødsfall utgjer eit skadetilfelle, jf voerstl § 11.

²⁴⁴ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) kapittel 5.8.

²⁴⁵ Som tilsvrar 60G for 2014 jf lov om folketrygd av 28. februar 1997 nr. 19 § 1-4.

²⁴⁶ Ot.prp.nr.4 (2000-2001) s. 28.

²⁴⁷ Innst. O. nr.46 (2000-2001) pkt. 3.2.

²⁴⁸ Innst.O.nr.46 (2000-2001) pkt 3.2.

I dei tilfella kor det er fleire etterlatne etter avlidne, vil grensa for 60 G kunne nåast oftare. Dei 60 G må fordelast på alle dei etterlatne etter deira tilsvarende del av skadevaldaren sin totale skadebotansvar. Vert ei mor drepen og let etter seg fleire born, vil desse få mindre i skadebot enn om dei var eineborn. Dette kan bety at ein i retten vert tilkjent eit langt høgare skadebotsum enn etter valdsofferskadebotlova, noko som bryt med prinsippet om full skadebot.

Ein illustrasjon i ENV-2007- 4048, der tre små born mista mora si. Det yngste bornet vart tilkjent ein million mindre av nemnda enn i retten på grunnlag av beløpsgrensa.

Kapittel 6. Rettpolitisk vurdering.

6.1. Er etterlatne og pårørande sitt vern vorte betra?

Nye avgjerdar om valdsofferskadebotsakar står no i eit anna ljos enn tidlegare, då voerstl § 7 den 1. januar 2008 vart vesentleg utvida når det gjeld etterlatne sine rettigheitar.²⁴⁹ Vilkåret for skadebot for den straffbare handlinga vart endra til ”*straffbare handlinger som krenker livet, helsen eller friheten*”, jf voerstl § 1. Ordlyden samsvara betre med strafferettsleg terminologi, og formålet var at fleire handlingar skulle omfattast av ordninga.²⁵⁰ Det var ikkje lengre snakk om vald eller tvang i snever forstand.

Etter lovendringa kan etterlatne krevja skadebot for økonomisk tap på lik linje med andre valdsofre, kor dei kan vise til ein personskade, jf voerstl § 7 tredje stykke. Føresetnaden etter lovbestemminga er at etterlatne sitt tap må stå i pårekneleg årsakssamanhang med den skadevaldande hendinga. Lovgjevar har særleg uttrykt at etterlatne sitt krav på økonomisk kompensasjon for skade skal heimlast i voerstl § 7, og dermed er det ikkje lenger grunnlag for å plassere etterlatne i voerstl § 1 for å kunne tilkjenne denne type skadebot.

Voerstl § 7 reknast for å vera uttømmande, kva gjeld etterlatne sin rett til valdsofferskadebot.²⁵¹ Det er ikkje gjeve uttalingar som kan forståast slik at etterlatne kan ”plasserast” i voerstl § 1 ved omfattande skadar eller liknande. Det føreligg praksis frå nemnda på det motsette, men det er i saker som ikkje var omfatta av noverande bestemming i voerstl § 7. Voerstl § 7 må tolkast antitetisk, i den samband med at etterlatne eksempelvis ikkje kan tilkjennast skadebot for mein i høve til voerstl § 5, då dette ikkje er eksplisitt heimla.

Når det gjeld pårørande, kan det ikkje vera slik at dei generelt skal stillast betre enn etterlatne i vurdering av valdsofferskadebot. Pårørande har som utgangspunkt ikkje eit rettskrav på valdsoffererskadebot, og er ikkje omfatta av lova sin ordlyd.

²⁴⁹ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 7.

²⁵⁰ *Ibid* s. 14.

²⁵¹ *Ibid* s. 16.

Vert pårørande reknast å omfattast av valdsofferskadebota sitt verkeområd, og av den grunn konsekvent reknast å falle inn under voerstl § 1, vil pårørande få ein utilsikta betre stilling enn dei etterlatne. Ein må her sjå hen til lova sitt system, kor dei etterlatne sin rett til skadebot er særskild regulert av voerstl § 7, og uttalingane i Ot.prp. nr 10 (2007-2008) side 18 og 19 vedrørande pårørande, som er vorte gjeve i samband med denne lovbestemminga.

Vidare visar eg til departementet sine uttalingar om pårørande sine rettigheitar i Prop. 65 L²⁵² i tilknyting til voerstl § 7. Dette taler for at pårørande må vurderast etter voerstl § 7, kor dei vert rekna å falle inn under lova sitt verkeområde, og at dei som utgangspunkt ikkje skal gjevast betre rett til valdsofferskadebot enn etterlatne. Eit motsatt syn kan vera støytande, og i strid med lovgjevar sin vilje.

Vidare må ein sjå på valdsofferskadebotordninga sin subsidiære karakter, og i den samband vurdera kva rettigheitar pårørande og etterlatne har etter alminneleg skadebotrett, samt kor langt skadevaldaren sitt ansvar strekk seg. Ei særleg problemstilling som reiser seg er eventuelle regresskrav²⁵³ mot skadevaldaren i dei tilfella kor valdsofferskadebotordninga går lengre enn den alminnelege skadebotretten. Valdsofferskadebotmyndigheita må i dei tilfella vurdera kor stor skadebot det er grunnlag for å tilkjenne etter den alminnelege skadebotretten, og deretter krevja regress frå skadevaldaren når vilkåra er tilstades.²⁵⁴

Voerstl § 7 tredje stykke siste punktum gjev sysken, i særlege tilfelle, rett til skadebot på linje med etterlatne og pårørande. Det vert ikkje etablert eit rettskrav, då det må avgjerast skjønnsmessig.²⁵⁵ Vilkåret er at det føreligg ”særlege tilfeller”, noko som kvalifiserar for at det skal veldig mykje til for å verta tilkjent skadebot. Døme som vert omtala i forarbeida, er dei tilfella kor born vert drepen og sysken må avbryta utdanning grunna personskade som fylje av dødsfallet.²⁵⁶

Skadebotlova er ikkje like klar på at etterlatne skal tilkjennast skadebot som etter voerstl § 7, kor det er eit rettskrav. Dermed må domstolane konkret bedømme dette i kvar einskild sak.

²⁵² Prop. 65 L (2011-2012) s. 25.

²⁵³ Regress vert ikkje vidare omhandla, då det fell utanfor avhandlinga sin tittel.

²⁵⁴ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 19.

²⁵⁵ *Ibid* s. 17.

²⁵⁶ *Ibid* s. 17.

Alminneleg skadebotrett er noko dynamisk når det gjeld dette.²⁵⁷ Denne utvidinga resulterar i eit vidare skadebotvern for staten enn for skadevaldar.²⁵⁸ Etterlatne vert dermed betre sikra etter valdsofferskadebotlova enn etter skadebotlova.

6.2. Bør pårørande sin rett til skadebot heimlast i lov?

Pårørande sin rett til skadebot går i dag fram av ulovfesta rett og rettspraksis. Ein kan spørje seg om pårørande sin rett til valdsofferskadebot burde heimlast i lov, slik som etterlatne sin rett er lovfesta i valdsofferskadebotlova § 7. Ved å heimle omgrepet ”pårørande” i lov vil ein stadfesta deira rett til skadebot på lik linje med etterlatne. Ein vil også få ei betre avklaring på kva typar skadebot pårørande har rett på.

Lovgjevar har ved fleire tilfeller vurdert å lovfesta pårørande sine rettigheitar. Dette vart seinast vurdert i Prop. 65 L (2011-2012), kor departementet vurderte at ei kodifisering av omgrepet ”pårørande” vil kunne vera uheldig, då det er lovteknisk vanskeleg å utforma ein regel som er tilstrekkeleg presis og smidig. Det er vanskeleg å finne ein definisjon som vil omfattar alle kategoriar av pårørande, utan å vera uttømmande. Ved forsøk på å lovfeste gjeldande praksis risikerar ein at loven sin ordlyd legg avgrensingar som i praksis vil snevre inn valdsofre sine rettigheitar samanlikna med det som ei utvikling av forvaltnings- og rettspraksis over tid elles ville føre til.²⁵⁹ Ein sikrar då ei dynamisk utvikling av pårørande sin rett i tråd med samfunnsutviklinga. Dette vil særskild kunne gjera seg gjeldande i samband med ”nye” familiestrukturar, under dette ulike formar av stefamiliar.

²⁵⁷ Brath s. 135 pkt 7.3.5.

²⁵⁸ Ot.prp.nr.10 (2007-2008) s. 18.

²⁵⁹ Prop. 65 L (2011-2012) s. 25-26.

6.3. Økonomisk betydning for stadig utviding av voerstl § 1.

Ei stadig utvidande fortolking av voerstl § 1 vil teneleg medføra økonomiske konsekvensar.

Bør dette takast til vurdering av nemnda si forvaltning av valdsofferskadebotordninga?

Primært er det ikkje den økonomiske konsekvensen som er den mest spesielle. Men det er viktig at staten kan forutsjå utgiftene sine. Det er klårt urovekkjande når nemnda går lengre enn det som er lovgjevar sin vilje. Til dømes ved å utvide personkretsen av kven som kan tilkjennast skadebot, som resulterar i ein økonomisk konsekvens for staten. Det vil vera urovekkjande å utvida ordninga der dette allereie har vorte uttrykkeleg vurdert av lovgjevar.

Under utviklinga av voldsofferskadebotordninga har lovgjevar fleire gonger auka den øvste grensa for utbetaling av valdsofferskadebot, seinast til 60G ved lovendring 30. mars 2012. Når ein ser på det auka talet av søknadar om valdsofferskadebot, tydar det på at staten vil stadig få ein auke av denne utgiftsposten. Dette vil særleg få betydning når ein stadig utvidar krinsen av kven som kan tilkjennast valdsofferskadebot etter voerstl § 1.

Kapittel 7. Konklusjon.

Det store omfanget av saker om valdsofferskadebot til etterlatne og pårørande etter 22. juli 2011 har ført til at nemnda har behandla mange typar slike saker.

Den seinare praksisen kan tyde på at nemnda knyt avgjerdene sine tettare opp mot lovgjevar sin intensjon om at loven sine reglar om etterlatne kan nyttast analogisk overfor pårørande.

Dette står i motsetning til tidlegare praksis, kor pårørande sin rett vart knytt opp mot reglane om direkte skadelidt i voerstl § 1. Resultatet av 22. juli 2011 var at nemnda vart tvungen til å sjå på avgjerder i ein større samanheng enn tidlegare, når dei tilsynelatande vurderte sakene sine meir individuelt og konkret.

Endringane i lovverket har ført til at etterlatne si stilling har vorte vesentleg styrka. For det første har etterlatne fått ein lovfesta rett til skadebot for økonomisk tap etter voerstl § 4 ved personskade. Dei har såleis vorte gjeven dei same rettigheitar til skadebot som direkte skadelidne. For det andre er sysken, når det føreligg særlege tilfeller, vorte gjeven ein rett til skadebot på linje med andre etterlatne.

Imidlertid er pårørande si rettstilling framleis uavklart. Då deira krav til skadebot ikkje er fastsett i lov, har pårørande ikkje eit rettskrav på valdsofferskadebot. Spørsmålet må derfor avgjerast i kvar einskild sak. Dette gjer at pårørande sin rettssikkerheit er svekka i høve til etterlatne sin lovregulerte rett til skadebot.

Utgangspunktet er at valdsofferskadebotlova byggjer på den alminnelege skadebotrett, og dei to regelsetta samsvarar derfor i stor grad. Valdsofferskadebotordninga vil i ein skilde tilfelle kunne gå lengre enn den alminnelege skadebotretten. Etterlatne har eit betre vern i valdsofferskadebota enn i skadebotlova, då voerstl § 7 er ein ”skal-regel”, i motsetning til skl § 3-5 som er ein ”kan-regel”. Valdsofferskadebotlova har likevel eit meir snevert virkeområde enn skadebotlova, då den kun gjeld straffbare handlingar som ber preg av vald eller tvang.

Mi vurdering er at etterlatne etter 22. juli 2011 har eit særskild vern etter valdsofferskadebotlova. Pårørande har eit svakare vern enn etterlatne, men nyare praksis frå nemnda tydar på at pårørande sitt vern er sett i fokus og er under utvikling.

Kjeldeliste

Lovar

- Adl. Lov om adopsjon (adopsjonslova) av 28. februar 1986 nr. 8.
- Al. Lov om arv m.m (arvelova) av 3. mars 1972 nr. 5.
- Bal. Lov om ansvar for skade som motorvogn gjør (bilansvarslova) av 3. februar 1961.
- Bl. Lov om barn og foreldre (barnelova) av 8. april 1981 nr. 7.
- El. Lov om ekteskap (ekteskapsloven) av 4. juli 1991 nr. 47.
- Fvl. Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967.
- Ftrl. Lov om folketrygd (folketrygdlova) av 28. februar 1997 nr. 19.
- Skl. Lov om skadeerstatning (skadeerstatningsloven) av 13. juni 1969 nr. 26.
- Strl. Almindelig borgerlig Straffelov (straffeloven) av 22. mai 1902 nr. 10.
- Voerstl. Lov om erstatning frå staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m (voldsoffererstatningsloven) av 20. april 2001 nr. 13.
- Voerstl. Lov om *endringer* i lov om erstatning frå staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m (voldsoffererstatningsloven) av 21. desember 2007 nr. 125, tredje endringslov.
- Ysfl. Lov om yrkesskadeforsikring (yrkesskadeforsikringsloven) av 16. juni 1989 nr. 65.

Forskriftar

Voldsoffererstatningsforskriften;

Forskrift om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling av 11. mars 1976.

Voldsoffererstatningsforskriften;

Forskrift om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling av 23. januar 1981 nr. 8983.

Juridisk litteratur

Andenæs, Johs, Magnus Matningsdal og Georg Rieber-Moen, Alminnelig strafferett, 5.utgåve, Oslo, 2004.

Boe, Erik, Innføring i juss, juridisk tenking og rettskildelære, 1.utgåve, Oslo 2001.

Brath, Henning, Voldsoffererstatningsloven med kommentarer, 1.utgåve, Oslo 2011.

Eckhoff, Torstein og Jan Helgelsen, Rettskildelære, 5.utgåve, Oslo 2001.

Holgersen Gudrun, Kai Krüger, Kåre Lilleholdt og Bjarte Askeland, Prinsipp og pragmatisme i erstatningsretten 1; Nybrott og odling; festskrift til Nils Nygaard på 70-årsdagen 3. april 2002, Bergen 2002.

Kjelland, Morten, Årsakssamling og bevis i personskaderstatningsretten. Særtrykk av Nordisk forsikringstidskrift 2/2012.

Lødrup, Peter, Lærebok i erstatningsrett 6.utgåve, Oslo 2009.

Nygaard, Nils, Rettsgrunnlag og standpunkt, 2.utgåve, Bergen 2004.

Nygaard, Nils, Skade og ansvar, 5.utgåve, Bergen 2000.

Nygaard, Nils, Skade og ansvar, 6.utgåve, Bergen 2007.

Schønning, Albert, Erstatning fra staten til voldsofre, 2.utgåve, Oslo, 1991.

Strandbakken, Asbjørn, Uskyldpresumsjon ”in dubio pre reo”. Bergen 2003.

Syse, Aslak, Morten Kjelland og Rolf Gunnar Jørstad m.fl. Pasientskaderett, Oslo 2011.

Tømmerås, Ane Sofie, Billighetserstatning- og andre offentlige erstatningsordninger, Skjeberg 2002.

Internasjonale konvensjonar

EMK	Europarådets konvensjon om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter (Den europeiske menneskerettskonvensjon) av 4. November 1950.
SP	De forente nasjoner internasjonale konvensjon om sivile og politiske rettigheter av 16. desember 1966.
Voldsofferkonvensjonen	European Convention on the Compensation of Victims of Violent Crimes, CEST No.: 116 av 24. november 1986.

Offentlege dokument

NOU 1980:29	Produktansvaret.
NOU 1994:20	Personskadeerstatning.
Innst. E. 1971	
St.prp.nr. 44 (1991-1992)	Samtykke til ratifikasjon av Den europeiske konvensjonen av 24. november 1983 om erstatning til voldsofre (nr 116) (St.prp. nr. 44 (1991-1992), Innst.S.nr.98 (1991-1992) (utkast til innstilling er forelagt justiskomiteen til uttalelse).
Innst.O.nr. 46 (2000-2001)	Innstilling fra justiskomiteen om lov om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m (voldsoffererstatningsloven).
St.prp. nr. 39 (1975-1976)	Om bevilgning under kap. 424 i samband med innføring av ordning om erstatning fra staten til ofre for straffbare handlingar.
Ot.prp.nr. 4 (1972-1973)	Om lov om endringar i erstatningslovgivingen.
Ot.prp. nr. 4 (2000-2001)	Erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m (voldsoffererstatningsloven).
Ot.prp. nr. 10 (2007-2008)	Om lov om endringar i lov om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m (voldsoffererstatningsloven).
Prop. 65L (2011-2012)	Endringer i voldsoffererstatningsloven og straffeprosessloven.

Domsregister

Rt. (Norsk Retstidende)

Rt. 1913 s. 619	<i>Norsk Hovedjernbane</i>
Rt. 1922 s. 73	<i>Sundre</i>
Rt. 1940 s. 82	<i>Nevrose</i>
Rt. 1960 s. 357	<i>Bergsegel</i>
Rt. 1966 s. 163	<i>Sola</i>
Rt. 1973 s. 1268	<i>Flymanøver</i>
Rt. 1975 s. 670	<i>Sykebesøk</i>
Rt. 1976 s. 1302	<i>Svanevik</i>
Rt. 1985 s. 1011	<i>Hauketo</i>
Rt. 1992 s. 64	<i>P-pille 2</i>
Rt. 1993 s. 1524	<i>Ølberg</i>
Rt. 1997 s. 1	<i>Rossnes</i>
Rt. 1998 s. 639	<i>Bastrup</i>
Rt. 1998 s. 1565	<i>Lie</i>
Rt. 1999 s. 887	<i>Akbari</i>
Rt. 1999 s. 1363	<i>Karmøy</i>
Rt. 1999 s. 1473	<i>Stokke</i>
Rt. 2000 s. 418	<i>Thelle</i>
Rt. 2000 s. 620	<i>Inneklima</i>
Rt. 2000 s. 915	<i>Dispril</i>
Rt. 2000 s. 1614	<i>Passiv røyk 1</i>
Rt. 2001 s. 320	<i>Nilsen</i>
Rt. 2001 s. 337	<i>Ranheim</i>
Rt. 2002 s. 673	<i>Engevold</i>
Rt. 2003 s. 338	<i>Dykkar</i>
Rt. 2005 s. 104	
Rt. 2005 s. 1757	<i>Skygge</i>
Rt. 2006 s. 1217	<i>Angiografi</i>
Rt. 2007 s. 158	<i>Pseudo</i>
Rt. 2007 s. 172	<i>Schizofreni</i>
Rt. 2008 s. 218	<i>Sarkon</i>
Rt. 2010 s. 1153	<i>Hagberg</i>
Rt. 2010 s. 1203	<i>Aaserud</i>
Rt. 2010 s. 1547	<i>Ask</i>
Rt. 2013 s. 805	

Avgjerder frå Erstatningsnemnda for valdsofre

ENV-2004-339
ENV-2008-1698
ENV-2008-2971
ENV-2009-186
ENV-2009-1773
ENV-2010-1153
ENV-2010-1792
ENV-2011-1000
ENV-2011-4750
ENV-2012-1676
ENV-2012-1686
ENV-2013-325
ENV-2013-810
ENV-2013-1272
ENV-2013-1295
ENV-2013-1347
ENV-2013-1689
ENV-2013-2074
ENV-2013-2577
ENV-2013-2759
ENV-2013-2765
ENV- 2013-2834
ENV-2013-3034
ENV-2014-24